



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torborg Kleppa	K2-S10	16/1139

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
084/21	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	27.10.2021
065/21	Kommunestyret	PS	03.11.2021

Høyring - revisjonsdokument Ulla-Førre

Vedlegg:

Notat - Revisjonsdokument

Vilkårsrevisjon Ulla-Førre - Revisjonsdokument Juni 2021

Høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa

Høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa.PDF

AcosSvarInn.xml

Etterlysing av framdrift i revisjonssaka for Ulla-Førre

Etterlysing av framdrift i revisjonssaka for UI(910351)

Vilkårsrevisjon Ulla-Førre- kommentarer frå Statkraft

Statkrafts kommentarer til oversendelse av krav_UF

NVE åpner vilkårsrevisjon for Ulla-Førre reguleringen

Kopi - NVE åpner vilkårsrevisjon for Ulla-Førre reguleringen

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune viser til Statkraft sitt revisjonsdokument frå juni 2021 – Vilkårsrevisjon Ulla-Førre.

Kommunen meiner dokumentet gir ein god gjennomgang av og ryddige tilsvar på dei krava som er framsette i det samla kravet frå kommunane Hjelmeland, Suldal og Bykle.

Kommunen vil generelt merka at revisjonen av miljøvilkåra må fastsetja vilkår som sikrar meir miljøtilpassa vass-føring i vassdraga. Ulla er prioritert i den regionale vassforvaltningsplanen for Rogaland, og må også prioriterast i vilkårsrevisjonen.

Revisjonen må også sikra at det blir avsett ressursar som kan nyttast til tiltak for ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av villreinstammen i Setesdals Vesthei – Ryfylkeheiane.

Kommunen sine merknadar til Statkraft si vurdering av krava går elles fram av saksutgreiinga.

Hjelmeland, den 30.09.2021

Wictor Juul
Rådmann



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Areal- og forvaltningsutvalet - 084/21

AFU - behandling:

Behandling:

Tillegg til forslag til vedtak, foreslått av Ståle Halsne, <tittel>

Revisjonssaka må sjåast i samanheng med Røldal Suldal Kraft også når det gjeld utnytting av vatn, magasinkapasitet og kraftverk. Både Ulla Førre og RSK endar i Suldalsvatnet, noko som gjer at det er naturleg å sjå desse i samanheng. I tillegg vil det vera store moglegheiter for opprustning og utviding av anlegga (O/U prosjekt), ved å samkjøra bruk av vatnet, pumper, magasin og kraftverk.

Tillegg til forslag til vedtak, foreslått av Silje Sværen, <tittel>

Revisjonen må i større grad fastsetja vilkår som bøter på følgjene utbygginga har hatt for villaks, villrein og andre naturverdiar.

Tillegg til forslag til vedtak, foreslått av Tårn Sigve Schmidt, <tittel>

Tillegg etter 3. avsnitt:

Revisjonen må ta omsyn til sumverknadane av Ulla- Førre, Røldal- Suldal, Øvre Otra og Sira- Kvina konsesjonane i forhold til villrein.

Det vart først avhalde prøverøysting der Halsne/Krf, Sværen/SV og Schmidt/SP sine tilleggsforslag etter tur vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt forslag med tillegg vart så samrøystes vedteke.

AFU - vedtak:

Hjelmeland kommune viser til Statkraft sitt revisjonsdokument frå juni 2021 – Vilkårsrevisjon Ulla- Førre.

Kommunen meiner dokumentet gir ein god gjennomgang av og ryddige tilsvar på dei krava som er framsette i det samla kravet frå kommunane Hjelmeland, Suldal og Bykle.

Kommunen vil generelt merka at revisjonen av miljøvilkåra må fastsetja vilkår som sikrar meir miljøtilpassa vass-føring i vassdraga. Ulla er prioritert i den regionale vassforvaltningsplanen for Rogaland, og må også prioriterast i vilkårsrevisjonen.

Revisjonen må i større grad fastsetja vilkår som bøter på følgjene utbygginga har hatt for villaks, villrein og andre naturverdiar. Revisjonen må ta omsyn til sumverknadane av Ulla- Førre, Røldal- Suldal, Øvre Otra og Sira- Kvina konsesjonane i forhold til villrein. Revisjonen må også sikra at det blir avsett ressursar som kan nyttast til tiltak for ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av villreinstammen i Setesdals Vesthei – Ryfylkeheiane.

Revisjonssaka må sjåast i samanheng med Røldal Suldal Kraft også når det gjeld utnytting av vatn, magasinkapasitet og kraftverk. Både Ulla Førre og RSK endar i Suldalsvatnet, noko som gjer at det er naturleg å sjå desse i samanheng. I tillegg vil det vera store moglegheiter for opprustning og utviding av anlegga (O/U prosjekt), ved å samkjøra bruk av vatnet, pumper, magasin og kraftverk.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Kommunen sine merknadar til Statkraft si vurdering av krava går elles fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret - 065/21

KST - behandling:

Behandling:

Tilleggsforslag til sak 065/21, foreslått av Arne Kleppa, <tittel>

Verneområdestyret for Verneområdet Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, SVR, har gitt gode og nødvendige innspel til avbøtande villreintiltak i dei nye konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre.

Kommunestyret gir SVR sin fulle støtte til dette sentrale punktet i uttalen.

Kommunestyret vil særleg peika på forslaget om å oppretta villreinfond etter same mønster som for Aura og Hemsil, som vart gitt ved kgl. Res. 21.06.2021. SVR føreslår at alle konsesjonærane i området vert pålagd å gi bidrag til eit slikt fond, og at Statkraft skal svara for 15. mill.

Kommunestyret meiner at konsesjonærane i tillegg vert pålagd å yta årlege bidrag til fondet, og at Statkraft yter sin forholdsmessige del av dette.

Årleg avkastning av eit antyda fond på 20 mill. vil ikkje på langt nær vera nok for å kunna finansiera dei avbøtande tiltaka som er naudsynt for å verna – og utvikla villreinstamma.

Fondet må av konsesjonærane tilførast midlar på minst 5 mill. pr. år.

Røysting:

Det vart først røysta over tilleggsforslag frå Kleppa/SP: Samrøystes **vedteke**.

Deretter vart det røysta over framlegg frå AFU med vedteke tillegg: Samrøystes **vedteke**.

KST - vedtak:

Hjelmeland kommune viser til Statkraft sitt revisjonsdokument frå juni 2021 – Vilkårsrevisjon Ulla-Førre.

Kommunen meiner dokumentet gir ein god gjennomgang av og ryddige tilsvar på dei krava som er framsette i det samla kravet frå kommunane Hjelmeland, Suldal og Bykle.

Kommunen vil generelt merka at revisjonen av miljøvilkåra må fastsetja vilkår som sikrar meir miljøtilpassa vass-føring i vassdraga. Ulla er prioritert i den regionale vassforvaltningsplanen for Rogaland, og må også prioriterast i vilkårsrevisjonen.

Revisjonen må i større grad fastsetja vilkår som bøter på følgjene utbygginga har hatt for villaks, villrein og andre naturverdiar. Revisjonen må ta omsyn til sumverknadane av Ulla- Førre, Røldal-Suldal, Øvre Otra og Sira- Kvina konsesjonane i forhold til villrein. Revisjonen må også sikra at det blir avsett ressursar som kan nyttast til tiltak for ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av villreinstammen i Setesdals Vesthei – Ryfylkeheiane.

Revisjonssaka må sjåast i samanheng med Røldal Suldal Kraft også når det gjeld utnytting av vatn, magasinkapasitet og kraftverk. Både Ulla Førre og RSK endar i Suldalsvatnet, noko som gjer at det er



HJELMELAND KOMMUNE

naturleg å sjå desse i samanheng. I tillegg vil det vera store moglegheiter for opprustning og utviding av anlegga (O/U prosjekt), ved å samkjøra bruk av vatnet, pumper, magasin og kraftverk.

Verneområdestyret for Verneområdet Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, SVR, har gitt gode og nødvendige innspel til avbøtande villreintiltak i dei nye konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre.

Kommunestyret gir SVR sin fulle støtte til dette sentrale punktet i uttalen.

Kommunestyret vil særleg peika på forslaget om å oppretta villreinfond etter same mønster som for Aura og Hemsil, som vart gitt ved kgl. Res. 21.06.2021. SVR føreslår at alle konsesjonærane i området vert pålagd å gi bidrag til eit slikt fond, og at Statkraft skal svara for 15. mill.

Kommunestyret meiner at konsesjonærane i tillegg vert pålagd å yta årlege bidrag til fondet, og at Statkraft yter sin forholdsmessige del av dette.

Årleg avkastning av eit antyda fond på 20 mill. vil ikkje på langt nær vera nok for å kunna finansiera dei avbøtande tiltaka som er naudsynt for å verna – og utvikla villreinstamma.

Fondet må av konsesjonærane tilførast midlar på minst 5 mill. pr. år.

Kommunen sine merknadar til Statkraft si vurdering av krava går elles fram av saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

Samandrag

NVE har opna for revisjon av konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre på bakgrunn av eit felles revisjonskrav frå Hjelmeland, Suldal og Bykle kommunar. Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument som er regulanten sitt tilsvar på kravet. NVE har sendt revisjonsdokumentet ut på høyring, og kommunen skal nå ta stilling til om ein har merknadar til innhaldet i revisjonsdokumentet.

Kort summert er Statkraft positive til mange av dei tiltaka som er føreslegne i kravdokumentet, men ønskjer ikkje tiltak som gir redusert kraftproduksjon. Dei viser til standardvilkåra for å løysa mange av krava. I tillegg tilrår dei eit nytt manøvreringsreglement for Suldalslågen der dei reduserar den pålagde vårflaumen.

Kommunane sine høgst prioriterte krav er knytt til laks og villrein. Dette er begge ansvarsarter Norge har et særskilt forvaltningsansvar for fordi bestandsutviklinga i Norge er vesentleg for artens eksistens i europeisk perspektiv. I tillegg har storaure fått ny nasjonal fokus som også blir teke inn her (Tusso, Kvilldalsåna).

I fleire av dei regulerte vassdraga utan minstevassføring vil vass-slepp vere ei naudsynt føresetnad for å oppnå betre miljøtilstand. I så måte er revisjon av konsesjonsvilkår viktig for kommunane i sitt arbeid etter vassforskrifta.

Revisjonen må også sikra at det blir avsett ressursar som kan nyttast til tiltak for ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av villreinstammen i Setesdals Vesthei – Ryfylkeheiane.



HJELMELAND KOMMUNE

Krav og tilsvar for kvart vassdrag/emne blir vurdert saksframlegget.

Fakta

NVE har opna for revisjon av konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre-konsesjonen på bakgrunn av eit felles revisjonskrav frå Hjelmeland, Suldal og Bykle kommunar. Kravet blei sendt i februar 2018, og NVE beslutta revisjonssak i november 2019. Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument som er regulanten sitt tilsvar på kravet. NVE har sendt revisjonsdokumentet ut på høyring, og kommunen skal nå ta stilling til om ein har merknadar til innhaldet i revisjonsdokumentet.

Kort summert er Statkraft positive til mange av dei tiltaka som er føreslegne i kravdokumentet, men ønskjer ikkje tiltak som gir redusert kraftproduksjon. Regulanten reknar med, og er positive til, at det ved revisjon vil bli innført nye standardvilkår for naturforvaltning. Dei viser til desse standardvilkåra for å løysa dei mange av krava som er stilte. I tillegg tilrår dei eit nytt manøvreringsreglement for Suldalslågen der dei reduserar den pålagde vårflaumen, som ikkje har hatt den ønska effekten.

Ulla-Førre- anlegga er eit omfattande og særst viktig anlegg. Den samla kraftproduksjonen frå dei fire kraftstasjonane er 4900 Gwh årleg, og gir nok straum til 250 000 husstandar. Anlegget er viktig med omsyn til forsyningssikkert, fleksibilitet og reguleringsevne i det norske kraftsystemet. Reguleringa av vassdraga har også betydning i forhold til flaumsikring. Det er ei relativt ny regulering, med ei rekkje moderne vilkår for omsyn til natur og miljø. Reguleringa verkar likevel sterkt inn på natur og landskap.

Minstevassføring er eit av de mest sentrale og effektive avbøtande tiltaka for å ivareta miljøverdiar i og langs regulerte vassdrag, både for å beskytte økologi, ivareta leveområde og landskapsoppleving. Derfor er også behovet for miljøtilpassa vassføring ofte sentrale tema i vilkårsrevisjonar. Slik er det også for Ulla-Førre. Nedstraums dei mange magasinane og bekkeinntaka i reguleringa er det i dag berre i Suldalslågen og Kvilldalsåna det er pålegg om minstevassføring.

I dag er hovudregelen at det skal gis pålegg om minstevassføring ved nye konsesjonar. Ofte er denne basert på hydrologiske metodar for å sikre at vassføringar ikkje blir lågare enn det historisk har vore om lag fem prosent av tida, såkalla Q95.

I kommunane sitt krav har ein ikkje nytta Q95, men heller miljøtilpassa vassføring etter miljødesign. Denne metoden går ut på å legge til rette for både kraftproduksjon, laks og anna dyreliv i elver med vasskraftverk. Kort og godt å utgreie, utvikle og gjennomføre tiltak som skal gjere at laks og dyr i elva får det betre, samstundes som tapet i kraftproduksjon blir så lite som mogleg. Ein ser at metoden ofte gir mindre krafttap enn Q95.

Kommunane sine høgst prioriterte krav er knytt til laks og villrein. Dette er begge ansvarsarter Norge har et særskilt forvaltningsansvar for fordi bestandsutviklinga i Norge er vesentleg for artens eksistens i europeisk perspektiv. I tillegg har storaure fått ny nasjonal fokus som også blir teke inn



HJELMELAND KOMMUNE

her.

I fleire av dei regulerte vassdraga utan minstevassføring vil vass-slepp vere ei naudsynt føresetnad for å oppnå betre miljøtilstand. I så måte er revisjon av konsesjonsvilkår viktig for kommunane i sitt arbeid etter vassforskrifta. Rådmannen vil og peike på politiske signal som tilseier meir vekt på dette, sist i Hurdalsplattforma («For en regjering utgått fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet 2021-2025): *«Styrke hensynet til natur og miljø i vassdragsrevisjonene, blant annet gjennom krav til minstevannføring og sørge for at restaurering av natur og arts mangfold langs vassdrag sikres.»*

Samstundes skal det og nemnast at FN har utpekt 2021-2030 til verdens tiår for restaurering av økosystem. Det skal gjerast eit løft for forringa og øydelagde økosystem.

Det er store samfunnsinteresser knytt til vasskraftutbygginga. Rein vasskraft er eit viktig bidrag i det grøne skiftet. Som nevnt avviser Statkraft alle krav som kan redusera kraftproduksjonen. Samstundes føreslår dei å redusera vårflaumen i Suldalslågen noko som kan auka kraftproduksjonen. Produksjonen har også auka, og vil auka meir i åra framover, grunna våtare klima.

Kva kan reviderast?

Vilkårsrevisjonar har til føremål å gi betre miljøtilhøve i ei avveging mot kraftproduksjon.

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Lågaste og høgaste regulerte vannstand i magasinane er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerar mellom desse ulike vannstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (eks. sommarvass-stand), tersklar/vannspeil, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget med meir.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar er ikkje ein del av revisjonssaka.

Lovar, føresegner, rundskriv

Vassdragsreguleringslova § 10 post 3, om revisjon av vilkår

Vannforskrifta (Forskrift 15.12.2006 nr. 1446) og Vannforvaltningsplan for Rogaland, godkjent 4. juli i 2016, KMD

Økonomiske konsekvensar

Kommunane har skatte- og avgiftsinntekter frå kraftproduksjon (eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft). Dersom den samla kraftproduksjonen frå Ulla-Førre-kraftverka blir mindre som følgje av endra miljøvilkår, vil dette påverke kommunen sine inntekter. På den andre sida er det påreknleg med auka nedbør i framtida, noko som vil gi grunnlag for ein auka kraftproduksjon, også om vilkåra blir endra.



HJELMELAND KOMMUNE

I tillegg kjem at livskraftige bestand av anadrom fisk, levedyktige villreinbestand og meir vatn i vassdraga gir grunnlag for verdiskaping knytt til friluftsliv og opplevingsbasert reiseliv, og er i tillegg ein verdi i seg sjølv.

Rådmannen har pr. dato ikkje grunnlag for å talfeste verken eit antatt inntektstap som følgje av redusert kraftproduksjon, eller auka verdiskaping knytt til reiseliv og friluftsliv som følgje av betre miljøvilkår.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Statsreg. for utb. av Ulla-Førrevassdragene - Reguleringsbest. m.v. – 13.09.1974

KST-vedtak 010/17 – om igansetting av arbeidet med revisjonskrav

KST-vedtak 005/18 – Revisjon av konsesjonsvilkår Ulla-Førre

Vurdering og konklusjon

Revisjonskravet var felles frå kommunane. Det er derfor naturleg at ein også vurderer viktige spørsmål i nabokommunen og ser heilskap. Dette i samråd med administrasjonen i Suldal kommune. Difor er også vassdrag i Suldal kommune nemnde i denne saksutgreinga.

Under er krav og tilsvar vurdert for dei ulike tema som blir teke opp. Det blir konkludert for kvart emne.

Ulla-Førre konsesjonen er ein relativt ny konsesjon, med ein del miljøvilkår i utgangspunktet. Statkraft meiner at miljøforholda relativt sett er gode. Statkraft forutset at det blir fastsett oppdaterte standardvilkår for naturforvaltning i revisjonen, og at krav knytt til ferdsel, friluftsliv, fiske og liknande bør følgjast opp i medhald av slike standardvilkår i ny konsesjon.

Rådmannen vil minne om at krav til vassføring blir fastsett som ein del av konsesjonsvilkåra. Innføring av standard naturforvaltningsvilkår vil, slik ein forstår det, ikkje gi grunnlag for at sektormyndene i etterkant kan påleggje minstevassføring på bakgrunn av standardvilkåra.

Generelt ønskjer kommunane at det for dei vassdraga som ikkje har minstevassføring, blir fastsett krav om bruk av miljødesign som metode for å finna fram til både minimumsvassføring og biotopforbetrande tiltak, som igjennom revisjonen kan fastsetjast som nye miljøvilkår. Dette for å sikra vassføring og at tiltak blir gjennomført. Som nemnd kan standard naturforvaltningsvilkår ikkje nyttast for å påleggja eit nytt manøvreringsreglement utover det som er fastsett i konsesjonsvilkåra.

Statkraft legg stor vekt på norsk vasskraft si rolle i det nordiske og europeiske kraftsystemet.

Vasskrafta er viktig blant anna for regulering av kraftmarknaden, både nasjonalt og i den internasjonale marknaden. Ulla-Førre anlegga er svært fleksible og har stor kapasitet, og er følgeleg svært viktige.

Ulla:

Krav

Kommunane har fremja krav om gjennomføring av miljødesignprosjekt og at det basert på biologiske undersøkingar i vassdraget må innførast eit miljøtilpassa slepp av vatn og vurderast fysiske tiltak m.a. fjerning av vandringshindre for å utvide det lakseførande strekket opp til Moen.



HJELMELAND KOMMUNE

Statkraft si vurdering av kravet

Statkraft legg til grunn for vurderingane at gytebestand og haustingspotensial for laks i Ulla er svært god.

Det er fleire moglege stader slepp av vatn kan skje i frå, men med bakgrunn i simuleringar, årsikker vassføring og produksjonstap, meiner Statkraft at eventuelt slepp til Ulla bør skje frå Stovedalsvatnet.

Med fagleg grunnlag i sluttrapporten frå fiskeundersøkingane er produksjonskonsekvensar av to ulike minstevassføringsregime ved Hauge bru analysert: 0,6 m³/s gjennom heile året og 1,2 m³/s på sommaren og 0,6 m³/s gjennom vinteren. I tillegg har vi simulert eit fast slepp på 0,6 m³/s gjennom heile året frå Stovedalsvatnet. Simuleringane viser at kombinasjon av resttilsig og slepp for å sikre ei minimum vassføring som føreslege i flaskehalsanalysa, kan gjerast med relativt små produksjonstap. Grunna dei omtala forholda knytt til pumpedrift og optimalisert produksjon blir kostnadane knytt til produksjonstap og flytting av produksjon likevel betydelege.

Med utgangpunkt i at tilstanden for laksebestanden i Ulla er svært god meiner Statkraft at slepp av vatn ikkje vil gi miljønytte som veg opp ulempene for kraftproduksjon. Statkraft har ikkje gjort vurderingar med vekt på andre interesser og omsyn, men meiner det eventuelt kan greiast ut i revisjonsprosessen. Som alternativ til slepp av vatn peikar Statkraft på til moglege fysiske tiltak for miljøforbetringar som er identifisert i Ulla.

Vurdering

Ullavassdraget hadde opphavleg eit nedbørfelt på 395 km² med fleire store innsjøar. Ved utløpet til sjø var middelvassføringa på ca. 32 m³/s. Etter utbygginga er restfeltet på 64 km² som gir ein gjennomsnittleg vassføring ved utløpet til sjø på ca. 5,7 m³/s (18 % av opphaveleg). Det er ingen minstevassføring.

Til tross for dette har laksen klart seg bra. Som Statkraft skriv oppnår ein gytebestandsmålet. Potensialet er derimot langt større og det faglege grunnlaget gjennom ei Miljødesign undersøking^[1] peikar på at *«lite vanddekt areal i de tørreste delene av sommeren antas å være en viktig flaskehals for fiskeproduksjonen i Ulla. Lav vintervannføring er også en potensielt viktig flaskehals, i hovedsak på grunn av tørrlegging av gytegroper»*.

Med bakgrunn i Miljødesignundersøkinga blir det føreslått ei forholdsvis låg minimumsvassføring målt ved Hauge bru: 1,2 m³ om sommaren og 0,6 m³ om vinteren. Dessverre er desse tala ikkje omtalt i rapporten, men dei blei presentert i eit møte i Suldal 5. juni 2018 der representantar frå kommunane, Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Statkraft var til stades.

Miljødesignrapporten konkludera med at dei kunstige tersklane i elva har medført betydeleg forverring av habitatet. Det blir derfor frå fagleg hold anbefalt å starte med fjerning av utvalde tersklar, og evaluere effekten av tiltaka.

Som alternativ til slepp av vatn peikar Statkraft på til moglege fysiske tiltak for miljøforbetringar som er identifisert i Ulla. Kommunedirektøren er ikkje samd i dette. I ei så sentral lakseelv som Ulla er treng ein begge delar. Ein må først innføre vilkår om miljøtilpassa vassføring, deretter oppfølgjande



HJELMELAND KOMMUNE

habitatforbetrande tiltak basert på «ny» vassføring. Dette må prioriterast høgt i vilkårsrevisjonen. Kommunedirektøren vil her vise til at Ulla (nedre) er høgt prioritert i arbeidet etter vassforskrifta. I Klima- og miljødepartementet sin godkjenning av den gjeldande regionale vassforvaltningsplanen blei vassførekosten angitt med miljømål som «høyere enn dagens tilstand og som trenger nye tiltak som kan medføre tap av kraftproduksjon».

Vassføringa kan ta utgangspunkt i minimumsvassføringa som er føreslått etter Miljødesignmetoden, men bør ha eit prøvereglement som gjer at ein etter til dømes 5 år kan finjustera vassmengda. Dersom ein treng meir vatn for optimalisering av elva som fiskeproduserande, t.d. opp mot Q95 (vassføring som det historisk har vore overskrida 95 prosent av tida), må dette kunne innførast. Det visast her til at ein ved behandling av nye kraftverk er det i dag vanleg å gå ut i frå Q95 (gjerne splitta for sommar og vinter) som ein standardverdi for berekning av minstevassføring.

Sjølv om bestanden har klart seg bra er det ikke gitt at dette vil være tilfellet framover. Klimaendringar gjer at me må rekna med periodar med tørrare og varmare vær, noko som kan vere kritisk for laks i små vassdrag. Stor fisk, som det er innslag av i Ulla, vil kunne vere ekstra sårbar for lave vassføringar.

Dagens vandringshinder for anadrom fisk er vurdert å vere ved kommunegrensa mellom Hjelmeland og Suldal. Denne består av ei røys med store steinblokker og som det tidlegare er vurdert å vere relativt enkelt å opne. Laks og sjøaure kan da vandre nye 1,5 km opp til Jøsenåsen. Her er det eit nytt liknande vandringshinder. Opnar ein også dette har ein til saman over 7 km nytt laksestrek om fisken tek dette i bruk. Etter løyve frå Fylkesmannen/Statsforvaltaren er det gjennom fleire år sett ut stamlaks i dette området. Det betyr at den biologiske vurderinga om dette er eit område ein skal opne for laksefisk er alt er vurdert. Kommunedirektøren meiner ein må prioritere høgt å opne anadrom strekning til Moen. I den samanhengen er det viktig at framtidig miljøtilpassa vassføring er fagleg begrunna også for dette område. Dette styrkar forlaget med å ha ei prøvereglement for eit nytt vassføringsregime.

Gjennomsnittleg vassføring i smoltutvandringsperioden er redusert med ca. 88 % etter reguleringa, og flaumtoppane har også blitt langt mindre. Dette ventes i utgangspunktet å ha ein negativ effekt på smoltens overleving, ved å forsinke og desynkronisere smoltens utvandring gjennom elv og fjord.

For Ulla føreligg det ikkje data som tilseier at reguleringa har redusert smoltoverlevinga betydeleg. Enkelte år, då ein får eit samanfall av lite snøsmelting og manglande nedbør (flaum), kan dette likevel vere eit problem. Det bør derfor vere eit vilkår i konsesjonen som seier at ein må sleppe ein tilstrekkeleg mengde vatn for smoltutvandring, dersom naudsynt vatn ikkje kjem frå restfeltet innafor eit "normalt" tidsvindauga. Det må fagleg definerast storleik på eit smoltslepp og kva vassføring som tilseier at det ikkje er behov for ekstra vatn i smoltutvandringsperioden.

Konklusjon

Suldal kommune meiner at det må innførast eit vilkår om miljøtilpassa vassføring. Det må og



HJELMELAND KOMMUNE

gjennomførast oppfølgjande habitatforbetrande tiltak basert på «ny» vassføring.

Vassføringa kan ta utgangspunkt i kva som er føreslått etter Miljødesignmetoden, men bør ha eit prøvereglement som gjer at ein etter til dømes 5 år kan justera vassmengda. Dersom ein treng meir vatn for optimalisering av elva som fiskeproduserande, t.d. opp mot Q95, må dette kunne innførast.

Ein må til retteleggje for at fisken kan passera dagens to vandringshinder og dermed opne for om lag 7 km nytt anadromt strekk. Framtidig vassføring må vere fagleg forankra også for dette nye område.

Det må vere eit vilkår i konsesjonen som seier at ein må sleppe ein tilstrekkeleg mengde vatn for smoltutvandring, dersom naudsynt vatn ikkje kjem frå restfeltet innafor eit "normalt" tidsvindauga.

Ulla må prioriterast høgt i vilkårsrevisjonen.

Førre-åna

Krav

Det er fremja krav om gjennomføring av miljødesignprosjekt og at det blir vurdert minstevassføring og habitatbetrande tiltak for å auke bestandane av laks og sjøaure og gjera dei meir levedyktige.

Statkraft si vurdering av kravet

Anadrom strekning i Førreåna går om lag 400 meter oppstraums samløp med Søråa. For å gje årsikker vassføring på heile det anadrome strekket, må slepp skje frå Førrevassdammen og forbi inntaket i Førrejuvet. Eit slepp frå Stølsdalen via Søråa vil ikkje nå heile den anadrome strekninga, men vil være vesentleg enklare å etablere og drifte, og gje langt mindre produksjonstap enn slepp frå Blåsjø. Vassbotvatnet har ikkje tilstrekkeleg magasin til å sikre vassføring i tørre periodar. I praksis vil ei løysing for slepp kunne vere frå tunnelen Kvivatnet - Sandsavatnet, som er forbunde mot Bjørndalvatn.

Statkraft sitt utgangspunkt for vurdering av kostnadar og nytte av minstevassføring i Førreåna er at tilhøva for laksen har vore moderat til god dei seinaste åra. Trass i at den er sterkt regulert har elva ein god produksjon av laks og aure på det arealet fisken har tilgjengeleg.

Så lenge bestanden av laks i Førre blir halden oppe, vil det etter Statkraft si vurdering ha høge kostnadar og låg miljønytte å sleppe vatn med sikte på å auke produksjonen av fisk i elva. Statkraft meiner slepp av vatn til Førre ikkje gjev nytte for miljøet som svarar til ulempene for kraftproduksjon.

Ved tapping og overløp i Blåsjø går det mykje vatn i Førre som verkar negativt inn på fisk og flyttar botnssubstrat og endrar dei hydromorfologiske forholda i elva. Statkraft meiner det ikkje er tilrådeleg med fysiske tiltak av omsyn til fisk, ettersom slike hendingar kan gi skadar og vedlikehaldsbehov.



HJELMELAND KOMMUNE

Fordi elva ligg veglaust vil etablering og vedlikehald vere utfordrande og kostnadskrevjande.

Rådmannen si vurdering

Om lag 89% av opphavleg vassføring er fråført. Middelvassføring ved utløp er 1,6 m³/s. Ved tapping av Blåsjø blir vatnet slept frå Førrevassdammen til Førreåna, slik at det periodevis kan vera stor vassføring i Førre. Anadromt strekk er 2,2 km, der dei siste 400m er oppstraums samløpet med Søråa.

Også i Førreåna er det gjennomført flaskehalsanalysar, som viser at lite vassdekt areal i dei tørraste delane av sommaren er ein viktig flaskehals. Også på vinteren er låg vassføring ein potensielt viktig flaskehals på grunn av tørrlegging av gytegroper. Ei anna utfordring kan vera reduserte vårflaumar i perioden når smolten skal vandra ut. Den viktigaste habitatflaskehalsen er for lite gyteareal. Bestandsstatus for både laks og sjøaure er i følge Statkraft moderat til god, og at det er god produksjon med laks og aure på dei areala som er vassdekkja.

Det er ingen tvil om at det er kostnadar knytt til å sleppa vatn for å sikra ei minstevassføring. Like lite er det tvil om at det er vatn som må til, får å betra tilhøva og auka produksjonen av laks og sjøaure. Sjøauren ser ut til å klare seg mindre dårleg her enn mange andre stader, og difor meiner rådmannen det er viktig å prioritera tilhøva for sjøaure her. Difor meiner rådmannen at ein bør halda fast på kravet om ei minimumsvassføring i Førreåna. Ut frå eit økologisk standpunkt bør ein sikra auka vassføring i heile det anadrome strekket. Eit alternativ der ein har vass-slepp frå tunellen, som berre gir meir vatn nedstraums samløpet med Søråa, er eit mykje betre alternativ enn å ikkje ha minstevassføring i det heile. Då kan eit ei minimumsløysing ei vassføring på 1,0 m³/s om sommaren og 0,5 m³/s om vinteren vera eit godt alternativ. Dette gir eit betydeleg mindre krafttap enn dei andre simulerte løysingane, men vil bidra positivt for laks og sjøaure. I tillegg til ei slik minimumsvassføring bør ein sikra at det er ein årleg vårflaum i samband med smoltutvandringa. Statkraft ser ut til å meina at det at Førre ligg avsides til, og fordi det ikkje er opna for fiske her og følgeleg friluftsiinteressene er mindre, så er det liten grunn for å prioritera vatn i Førreåna utover det som er nausynt for å sikra at bestandane blir bevarte. Rådmannen er usamd i denne vurderinga. For det første er både laks og sjøaure arter i nedgang, og det aleine krev at forvaltninga av vassdraga betrar tilhøva for desse artene. Dernest meiner ein at det er friluftsiinteresser knytt til Førre, sjølv om ein må i båt for å komme dit. Og for mange vil vera verdifullt at det er livskraftige bestand av laks og sjøaure i elva, heilt uavhengig om ein kan driva fiske på dei.

Det er høgare kostnadar med vass-slepp og eventuelle biotopforbetrande tiltak i Førre, enn til dømes i Ulla. Dette skuldast blant anna at det er meir krevjande reint teknisk, og at potensialet for produksjonsauke er mindre her.

Konklusjon:

For å sikra levedyktige bestand av laks og sjøaure, og særleg av omsyn til sjøauren, bør vilkårsrevisjonen fastsetja ei minimumsvassføring for Førreåna, og sikra at det blir ein årleg vårflaum for å sikra smoltutvandringa.

Kviåna

Krav:

Det er fremja krav om vannslepp i Kviåna i ein periode om sommaren. Grunngevinga for kravet er



HJELMLAND KOMMUNE

opplevingsverdi for ålmenta, og det vil vera med å byggja opp under Jøsenfjorden som reisemål.

Statkraft si vurdering av kravet:

Kvivatnet er ikkje regulert magasin og feltet er lite med høgt innslag av bart fjell som gir rask avrenning. Statkraft meiner at slepp av vatn til Kviåna berre vil bidra til auka landskapsoppleving i relativt korte periodar, knytt til nedbør og tidleg i den aktuelle sommarperioden når det er snøsmelting i fjellet. Dei kjenner ikkje til andre miljøverdiar i vassdraget. Dei peikar på at det krevst båt for å komme til området innerst i Jøsenfjorden. Kviåna ligg innafor Vormedalsheia landskapsvernområde som blei oppretta etter reguleringa. Dei viser også at krav om vannslepp i Kviåna, Førre-åna og Tusso vil konkurrere om det same vatnet. Statkraft meiner at nytta av vannslepp til Kviåna ikkje står i stil med kostnadane, som er tap av fleksibel kraftproduksjon, og at kravet bør avvisast.

Rådmannen si vurdering:

Det har vore ei auka satsing på Jøsenfjorden som reisemål dei seinare år. I Helgøy Skyssbåt hadde i 2021 Jøsenfjord-cruise kvar torsdag og laurdag frå om lag midten på juni til midten av august. Ein reknar med at etterspurnaden etter desse cruisa berre vil auke, når reiselivet normaliserar seg etter pandemien og ein får fleire utanlandske turistar. Den storslegne naturopplevinga det er å kome innst i Jøsenfjorden, blir heilt klart forsterka med vatn i Kviåna.

Statkraft er opptatt av at det krevst båt for å komma til områda inst i Jøsenfjorden, og med det trur ein at dei meiner at dette er ei oppleving for dei få. Rådmannen vil peike på at mange har eigen båt. Turist-cruise, som nemnd ovanfor, gjer området tilgjengeleg for fleire. Til samanlikning med t.d. Lysefjorden og andre fjordar i Noreg, så må ein peike på at det at fjorden må opplevast frå båt, ikkje gjer opplevinga mindre eller heilt utilgjengeleg.

Rådmannen har forståing for at det medfører ein kostnad å sleppa vatn, og at ein må gjera ei vurdering av kvar det er viktigast å sleppa vatn og kor ein får størst samfunnsnytte av vatnet.

Tusso

Krav:

Det er fremja krav om miljøtilpassa slepp av vatn. Føremålet med kravet er å sikre ein sjølvreproduserande laksestamme. Minstevassføring må avklarast gjennom revisjonsprosessen etter prinsippa for miljødesign for laksevassdrag.

Statkraft si vurdering av kravet:

Statkraft oppfattar at kravet er klart knytt til eit mål om ein betre produksjon av laks, og legg til grunn at eit eventuelt slepp skal gje årsikker vassføring. Vatn må i tilfelle komma frå Bjørndalsvatnet. Dei har simulert med ei vassføring på 0,63 m³/s om sommaren og 0,13 m³/s om vinteren (Q95).

Dei skriv at ein slikt fast slepp av vatn vil gi eit netto produksjonstap på 16,7 GWh. Ut over dette tapet er det verdt å merkje at slepp på 0,66m³/s gjennom sommaren inneber ei monaleg reduser pumping i Saurdal. Delen av produksjonstapet som vil finne stad i vinter-/høglastperiodar vil difor vera relativt sett større enn nettotapet tilseier.

I lakseregisteret er bestandssituasjonen for laks i Årdalsvassdraget registrert som svært god med omsyn til gytebestandsmål og haustingspotensial. I vann-nett er miljømål for Tusso registrert som oppfylt med godt økologisk potensial. Statkraft meiner den moglege betringar av gytetilhøva i Tusso som minstevassføring kan bidra til, vil ha marginal betydning for bestandssituasjonen i Årdalsvassdraget. Statkraft meiner at kostnadane med kravet er for store i forhold til nytten, og meiner at kravet må avvisast, og at eventuelle biotopforbetrande tiltak kan følgjast opp i medhald av



HJELMELAND KOMMUNE

standardvilkår.

Rådmannen si vurdering:

Tusso blir påverka av reguleringa av inntak frå Tusso og fleire sidevassdrag i Grasdalen og frå reguleringa av Bjørndalsvatnet. Dessutan påverka av inntak til Lysereguleringa i Oddaheia. Estimert restvassføring ved lågvassføring 20 – 25% av naturleg nivå. Tusso er eit sidevassdrag i Årdalsvassdraget og renn via Øvre Tysdalsvatnet ut i Bjørg og vidare til Storåna i Årdal. Den største påverknaden av Årdalsvassdraget kjem frå Lyse-reguleringa.

Det er rett at kommunane i det framlagde kravet la stor vekt på tilhøva for laksen. Det har i den seinare tid, etter at kravet blei framlagt, blitt sett eit større fokus på storaure, og Miljødirektoratet har lagt fram ein strategi for bevaring og utvikling av storaurebestandar. Me veit at det er stor aure i Øvre Tysdalsvatnet, men me har liten kunnskap om aurebestanden. Her treng me meir kunnskap, og det er viktig å ta vare på gytemulighetene og oppvekstforholda, ikkje berre for laksen, men ikkje minst for storauren.

Også i Tusso vil miljødesign vera ei god tilnærming, som kan gi svar på den rette miksen av biotopforbeholdende tiltak og vassføring. Minstevassføring tilsvarande Q95, slik som Statkraft har simulert for, kan brukast som eit prøvemanøvreringsreglement i ein periode inntil ein har fått innhenta meir kunnskap. Eit miljødesignprosjekt som kan gi svar på kva som må vera ei naudsynt minimumsvassføring. Nye konsesjonsvilkår bør sikra mulighet for ei slik prøveordning, og deretter ei framtidig minimumsvassføring som kan sikra gode levevilkår for laks og storaure.

Konklusjon:

For å sikra gode framtidige levevilkår for laks og storaure må revisjonen fastsetja krav om ei miljøbasert minimumsvassføring i Tusso, og bør som ei prøveordning har minstevassføring tilsvarande Q95 inntil ein har kunnskap nok til å fastsetje kva som er naudsynt minimum.

Suldalslågen

Krav

Krav for Suldalsvassdraget er dels knytt til å undersøke moglege tiltak i Suldalslågen, retta mot sedimentering og attgroing samt for å betre temperaturtilhøva for fisk gjennom å byggje ein demning under vatn ved Helganes.

Krav frå Statkraft

Statkraft har ikkje gjort vurderingar av demning/terskel ved Helganeset. Dei har derimot foreslått endring i dagens vilkår som dei meiner både kan gi betring av habitat og av temperaturtilhøve.

Ved å redusere vårflaumen og gjere fysiske tiltak med ripping av elvebotnen på seinhausten vil ein både kunne betre temperaturforholda, betre yngelens tilgang til skjul i elva og auke kraftproduksjonen i systemet. Statkraft vil i samheng med vilkårsrevisjonen difor føreslå endring i dagens manøvreringsreglement. Vi foreslår at sleetet i den første flaumperioden på våren, jf. manøvreringsreglementet pkt. 2 III, blir redusert frå 200 m³ /s til nivå med den påfølgande,



HJELMELAND KOMMUNE

vekelange smoltutvandringsflaumen på 100 m³ /s, og at oppreinsking i finsediment i staden løysast med planmessig ripping i heile elvas lengde.

Vurdering

Etter vasskraftreguleringa har Suldalslågen fått ein unaturleg stabil vassføring utan dei store flaumtoppane. Eit resultat er sterk begroing av mose som følge av lav naturleg sedimenttransport samt reduserte flaumar og vassdragsdynamikk. Med bakgrunn i dette har fleire studiar påpekt mangel på skjul for ungfisk som ein flaskehals for fiskeproduksjon for laks og sjøaure.

I 2019 fekk Statkraft gjennomført, som eit frivillig tiltak, eit pilotprosjekt med ripping i Suldalslågen. Dette er ein metode for mekanisk reinsing av botnsubstratet er å løyse opp i elvebotn slik at ein gjensker holrom mellom steinar. Resultata frå pilotprosjektet var svært gode. Hausten 2021 har Statkraft derfor starta ein fleirårsplan for fullskala ripping.

I tillegg til rippinga har Suldalslågen forvaltningslag, i samarbeid med Suldal jakt og fiskelag og Ryfylke vassområde, starta eit prosjekt med habitatforbetrande tiltak til sidebekkane til Suldalslågen. Statkraft har støtta dette arbeidet.

Med bakgrunn i faglege utgreiingar føreslår Statkraft å redusera vårflaumen i elva. Flaumen har ikkje gitt ønskjeleg verknad på botnsubstratet og er negativ i forhold til eit ønskje om høgare temperatur i elva.

Ei vesentleg del av kommunane sitt krav var retta mot problematikken rundt sedimentering, attgroing og habitatforbetrande tiltak. Tiltaka som no blir gjennomført svarar til denne del av kravet forutsett at det blir følgt opp på lang sikt. Kommunedirektøren meiner at vidare oppfølging kan gjerast gjennom frivillige tiltak eller gjennom krav etter standard naturforvaltningsvilkår. Korleis ein kan optimalisere temperaturen i elva bør inkludrast i dette.

Konklusjon

Statkraft foreslår å endra manøvreringsreglement for Suldalslågen ved å redusere vårflaumen. Kommunedirektøren ser at det er faglege argument for dette og støttar opp om redusert vårflaum.

Kommunedirektøren støtter og opp om det arbeidet som no blir gjennomført i forhold til habitatforbetrande tiltak. Vidare oppfølging kan gjerast gjennom frivillige tiltak eller gjennom krav etter standard naturforvaltningsvilkår. Korleis ein kan optimalisere temperaturen i elva bør inkludrast i dette.



HJELMLAND KOMMUNE

Mosåna

Krav

For Mosåna er det gjort framlegg om slepp av 150 l/s frå Mosvatnet. Mosåna har tidlegare hatt ei stor betydning som oppvekstområde for laks, men at elva etter reguleringa i periodar er heilt tørrlagd.

Statkraft si vurdering av krav

Lakseførande strekk i Mosåna er på 380 meter. Med omsyn til habitat har elva lite til middels med skjul og er påverka av redusert vassføring både frå reguleringa av Mosvatnet og oppstraums utløpet frå mikrokraftverket. Anadrom strekning er og prega av redusert kantvegetasjon, forbygging/erosjonssikring og andre påverkingar og inngrep (Postler & Olsen Espedal 2020). Etter Statkraft si vurdering er det ut frå tilstand og påverkingfaktorar vanskeleg å seie om ei minstevassføring vil gi nytte av betydning. Dei vurderer at det for laksebestanden i Suldalslågen er andre tiltak som vil kunne ha større nytte til lågare kostnad enn slepp av vatn til Mosåna. Statkraft vil på grunnlag av dette rå til at det ikkje blir sett vilkår om minstevassføring.

Vurdering

Som Statkraft visar til er det nyleg gjennomført ei «Kartlegging av habitatforhold, fiskeundersøkelser og tiltaksanalyse for sidebekker i Suldal» (Postler & Olsen Espedal 2020). For Mosåna heiter det: «Tiltaket som bør stå høyst på prioriteringslisten i Mosåna er å sikre vannføring i bekken. For å bedre gyteforholdene kan man legge ut gytegrus, men dette har liten effekt om størsteparten av gytearealene delvis tørrlegges».

I undersøkinga er også Kvepsabekken ved Suldal hestesenter kartlagt . Denne renn ut i Mosåno og tørkar tidvis heilt inn. «Tiltaket som bør stå høyst på prioriteringslisten i Kvepsabekken er å sikre vannføring i bekken..... Ut ifra historiske flyfoto fra 1959 var Kvepsabekken opprinnelig et sideløp av Mosåna. Løsningen vil i så tilfelle innebære å innføre minstevannføring i Mosåna og evt. koble til Kvepsabekken om den er frakoblet ved innløpet» (Postler & Olsen Espedal 2020).

Dette viser at ei vassføring i Mosåno vil kunne løysa ut potensiale bekken har som oppvekstområde for laksefisk.

Bakgrunnen for kravet er omsynet til anadrom fisk. Med bakgrunn i dette meiner kommunedirektøren at kravet kan justerast. Det som er viktig er å få ei miljøtilpassa vassføring tilpassa laks og sjøaure. Ein bør derfor ha eit målepunkt for vassføringa i Mosrøysane heller enn ved Mosvatnet. I praksis betyr dette truleg eit langt mindre slepp frå Mosvatnet enn opphaveleg krav. For



HJELMLAND KOMMUNE

å finne ei optimal vassføring må ein hente inn meir kunnskap om dette.

Konklusjon

Det må innførast eit vilkår i konsesjonen om miljøtilpassa vassføring for laks og sjøaure i nedre del av Mosåna/Kvepsabekken.

Mosvatnet v/ Gullingen

Krav

Det er krav om formalisering av Statkraft sin manøvreringsintensjon i Mosvatnet. Statkraft driftar reguleringa med intensjon om ikkje å tappe ned magasinet før i veke 43. Dette for å unngå tørrlegging av grunnområder og estetiske og praktiske ulemper for brukarane av vatnet.

Statkraft si vurdering av krav

«Mosvatnet og områda rundt er mykje brukt til friluftsliv og rekreasjon. Etter avtale med Gullingen Leirskule har Statkraft intensjon om å halde fylling i Mosvatnet på minst 517,2 m.o.h fram til leirskulens haustaktivitetar er avslutta, normalt i slutten på oktober. Dette bidreg til at leirskulen kan tilby opplegg for elevane og oppretthalde sine aktivitetar på magasinet.....»

«Vi tilrår at dagens vilkår for Mosvatnet ikkje blir endra og vi ønskjer å føre vidare manøvreringspraksisen på frivillig grunnlag. Som nemnt i kap. 8.1.2.7 vil eventuelt vilkår om slepp av minstevassføring til Mosåna kunne gjere det utfordrande å halde manøvreringsintensjonen i Mosvatnet. Om krava knytt til Mosåna og Mosvatnet begge blir aktuelle, meiner vi det bør prioriterast mellom dei, og vi vil sterkt råde i mot at dei blir sett i kombinasjon.»

Vurdering

Kommunedirektøren er samd i at dagens frivillige avtale med leirskulen fungerer bra. Det må her understrekast at avtalen kjem alle brukarar av området til gode, ikkje berre leirskulen. Det ligg om lag 500 hytter i Gullingenområdet og vatnet er av stor regional verdi for friluftslivet.

Avtalen er ikkje berre frivillig, den er etter kva kommunedirektøren erfarer også munnleg. Med nye personar i sentrale stillingar, nye retningsliner og nye krav, meiner kommunedirektøren det er viktig å få formalisert avtalen. I den samanheng må avtalen også oppdaterast. Grunna endra klima har leirskulen utvida haustsesongen med ei veke, og nyttar vatnet i undervisinga til og med veke 44.



HJELMELAND KOMMUNE

Når det gjeld minstevassføring frå Mosvatnet vil kommunedirektøren vise til justert krav for Mosåno.

Konklusjon

Avtalen mellom Gullingen leirskule og Statkraft med intensjon om å halde fylling i Mosvatnet på minst 517,2 m.o.h fram til leirskulens haustaktivitetar er avslutta, må formaliserast.

Storåna ved Mostølen

Krav

Minstevassføring og fungerande tersklar i Mostølområdet. Det må gjerast ei undersøking for å finne ut om ein bør sleppe vatn i ein eller fleire av bekkeinntaka. Dette med bakgrunn i landskap og opplevingsverdi, men og for å finne økologisk potensial, med påfølgjande biotopjusterande tiltak.

Statkraft si vurdering av krav (side 78)

«Statkraft meiner verknadane av reguleringa for private interesser er omhandla i skjønnsføretnadane ved utbygginga. Våre berekningar viser at eit slepp svarande til Q95 i eit normalår vil gje 6,5 GWh i netto produksjonstap....»

«Elveleiet ved Mostølen er prega av at vassføringa tidvis er stor. Elveleiet er bredt med grovt botnssubstrat. Av den grunn meiner Statkraft at slepp av vatn ikkje vil gje store visuelle betringar med mindre ein slepp store mengder, som gjev høge produksjonstap. Av omsyn til landskap er det vår vurdering at fysiske tiltak for å oppretthalde vass-speil er betre egna enn slepp av minstevassføring....».

«Vi meiner slepp av vatn ikkje vil gje ein tilleggsnytte som forsvarar kostnadane med tapt produksjon. Statkraft meiner gjennomførte tiltak i elva langt på veg tek i vare dei forholda som kravstillarane ynskjer retta og vi rår på grunnlag av desse forholda til at kravet om minstevassføring i Storåna blir avvist.»

Vurdering

Området er prega av kraftutbygginga med anleggsveg og turrilagde elvar nedstøms bekkeinntak. Gaukstøllåno, Jonstøllåno, og Kyrkjestenåno går saman og dannar Storåa. Ingen av elvane har minstevassføring. Landskapsbilde er dermed forringa, noko som gjer at ein viktig del av naturopplevinga fell bort i eit viktig friluftslivsområde.

Det er gjennomført tiltak med tersklar og erosjonssikring i Storåna. I revisjonsdokumentet blir det vist bilde frå dette der det er vatn i kulpane framføre tersklane (side 78). Bilde kunne og vore vist utan vatn. På grunn av tilhøva i elvebotnen forsvinn vatnet når det er lite tilsig. Kommunedirektøren vil



HJELMELAND KOMMUNE

poengtera at det ikkje er minstevassføring i seg sjølv som er kommunen sitt krav, men primært vatn som eit sentralt landskapselement/oppleving. Kommunen vil rå til, som kravet, å få gjennomført ei undersøking korleis dette kan gjerast på best mogleg måte. Dersom ein konkluderer med at det må sleppast vatn frå ein eller fleire av bekkeinntaka, vil det truleg berre vere naudsynt i den del av barmarksesongen då det ikkje er eit naturleg resttilsig.

Konklusjon

Det må gjennomførast ei undersøking som ser på korleis ein kan betre landskapsbilde knytt til dei regulerte elvane i Mostølområdet. Dersom det blir føreslått ei landskapstilpassa vassføring må dette følgast opp i reviderte konsesjonsvilkår.

Bekkjarøybekken og Mosvatnet v/ Mostølen

Krav

Vassgjennomstrømminga i Mosvatnet er blitt redusert og det er blitt peika på auka tilgroing i vatnet. Vasskvalitet i Mosvatnet bør undersøkast med påfølgande iverksetting av tiltak dersom kvalitet ikkje er god.

Statkraft si vurdering

«I kva grad Mosvatnet faktisk er påverka kan dokumenterast ved undersøkingar. Dette meiner vi eventuelt bør vurderast etter standardvilkår. Skulle konkrete undersøkingar vise at reguleringa verkar vesentleg inn på eigenskapar og miljøforhold i vassførekomsten, meiner Statkraft ein etter vassforskrifta bør karakterisere vatnet som sterkt modifisert og setje miljømål ut i frå det.»

Vurdering

Statkraft viser til at det berre er eit delfelt i Bekkjarøybekken som blir fråført og at att om lag 80% av sitt naturlege felt framleis renn til Mosvatnet. Påverknaden frå vasskraft er dermed relativt liten. Suldal kommune har i seinare år fått gjennomført undersøkingar i andre vatn i same høgdeområde og med større påverknadar (landbruk/avløp). Desse har likevel kome ut i god tilstand etter vassforskrifta sine kvalitetselement. Med bakgrunn i dette er det svært lite sannsynleg at resultatane ville vore annleis for Mosvatnet.

Konklusjon



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Kommunedirektøren støtter Statkraft i si vurdering.

Bekkar i Strandaliane – Eivindsåna, Steinsvikbekken og Dørlevassbekken

Krav

Det er fremja krav om at det må vurderast å innføre minstevassføring frå bekkeinntak i Strandaliane. I kravbrevet ber kravstillarane om at det blir gjennomført utgreiingar for å kartleggje naturmangfald i og ved elvestrengane med fokus på bekkekløft og eventuelle/potensielle fossesprutsoner. Utgreiingane meiner de skal nyttast for å vurdere det økologiske potensialet ved minstevassføring.

Statkraft si vurdering av kravet

«Statkraft konstaterer at Strandaliane var påverka av reguleringa i lang tid før områda blei verna som naturreservat. Etter vår forståing trugar ikkje reguleringa naturverdiane eller føremålet med vernet. I rapport med registrering av bekkekløfter i Suldal er det vist til at fråført vatn i Eivindsåna er uheldig for det biologiske mangfaldet i bekkekløftlokaliteten Hestehia NV. Rapporten konkluderer med at lokaliteten likevel har god arrondering, at bekkekløfta er økologisk velfungerande og lokaliteten verdsetes som nasjonalt verdifull (A i naturtypesamheng). Statkraft meiner slepp av vatn i bekkane i Strandaliane ikkje vil gje ei miljønytte med omsyn til vegetasjon og biologisk mangfald som forvarar ulempene knytt til kraftproduksjon. Fordi områda er vanskeleg tilgjengelege vurderer vi andre nytteverkingar, som t.d. for landskap og friluftsliv som små, sjølv ved relativt store slepp. Fisk meiner vi ikkje er relevant nedstraums inntaka i desse bratte bekkane.»

Vurdering

Statkraft meiner slepp av vatn i bekkane i Strandaliane ikkje vil gje ei miljønytte med omsyn til vegetasjon og biologisk mangfald som forvarar ulempene knytt til kraftproduksjon. Problemstillinga her er at me ikkje veit kva naturverdiar bekkestrengane potensielt innehar.

Suldal kommune er kjent med at firmaet Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter på oppdrag frå Miljødirektoratet har gjennomført ei generell kartlegging etter standard metodikk (Natur i Norge) i Strandaliane naturreservat i oktober 2021. Det er mogleg kommande rapport kan seie noko meir om verdiane til artsmangfaldet langs bekkestrengane i dag, men den vil ikkje seie noko om kva som har vore og dermed heller ikkje noko om potensialet.

Fråføringa av vatn har endra dei økologiske forholda langs bekkestrengane. Deler av desse er i dag naturreservat. Ein bør derfor gjere ei spesifikk undersøking/vurdering på kva kraftutbygginga har betydd for artsmangfaldet og kva ein kan oppnå ved ei eventuell miljøtilpassa vassføring. NVE bør derfor pålegge Statkraft å få gjennomført ei slik undersøking/vurdering som grunnlag for vidare oppfølging av kravet.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Konklusjon

NVE bør pålegge Statkraft å få gjennomført ei spesifikk undersøking/vurdering på kva kraftutbygginga har betydd for artsmangfaldet og kva ein kan oppnå ved ei eventuell miljøtilpassa vassføring. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for vidare oppfølging av kravet.

Villrein:

Krav

Kommunane krev at Statkraft fortsett og bidreg økonomisk og på anna vis, til forskning på effektane av vasskraftutbygginga og moglege effektar av kompensierende tiltak. Kommunane krev og at Statkraft blir pålagt ansvar om å bidra i kompensierende tiltak som kjem frå GPSmerkeprosjekta og vidare forskning. Som slikt aktuelt tiltak nemner dei flytting av turisthytter/løypenett frå austsida av Blåsjø. Kommunane skriv det og er viktig å sjå konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre i samanheng med kringliggande vasskraftanlegg og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet under eitt.

Statkraft si vurdering av krav (frå revisjonsdokumentet side 80)

«Omsyn til villrein sto sentralt alt da anlegga blei godkjende og bygd, og konsesjonen har allereie vilkår knytt til villrein. Statkraft meiner desse vilkåra (jf. føresegnene pkt. II og VI i vedlegg 5) i hovudsak er dekkande og vi antek dei gjev naudsynt heimel for dei pålegga som kommunane krev. Vi meiner myndigheitene må ta stilling til ev behov for presisering av vilkåra, t.d. knytt til bidrag inn i felles tiltaksgjennomføring med andre partar eller liknande. Statkraft er einig med kravstillarane i at villreinområdet bør sjåast under eitt. I prioritering av aktuelle tiltak bør alle typar påverknadar vurderast og tiltak gjennomførast i prioritert rekkjefølge med sikte på best mogleg effekt og utnytting av samla ressursar. Etter at krava var sett fram har prosjektet i Setesdal Ryfylke villreinområde, som Statkraft og har bidratt i, levert sin sluttrapport. Statkraft viser til rapporten sine anbefalingar til vidare oppfølging. Vi er innstilt på å bidra vidare i forskning og utgreiing, samt inn i eventuelle tiltaksplanar eller - program ut frå kva som er ei rimeleg fordeling mellom aktuelle partar. Statkraft meiner oppfølging av rapporten sine anbefalingar må koordinerast mellom fleire sektorar, myndigheiter og aktuelle deltakarar. Det meiner vi blir teke best i vare med oppfølging etter standardvilkår, og ikkje eigne vilkår for konkrete tiltak»

Vurdering

Slik kommunedirektøren oppfattar revisjonsdokumentet er Statkraft positive til å bidra til avbøtande tiltak for villreinen. Det er bra. Spørsmålet er korleis ein best kan gjere dette.

Kort om villreinen og villreinområdet

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta



HJELMELAND KOMMUNE

vare på villreinen. I dag har Norge siste rest av denne arten i Europa, og villreinområde i Setesdal Ryfylke er den sørlegaste førekomsten. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av leveområda, ikkje minst i det aktuelle villreinområde.

Setesdal Ryfylke er det nest største villreinområdet i Norge. Noverande bestandsplan legg opp til ein bestand på om lag 4000 villrein. Villreinområdet er svært prega av vasskraftutbyggingar. Ulla-Førre er ein sentral del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkveggar, beiteareal som er neddemt, forstyrringar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til hyttebygging, fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsveggar.

Endringane i villreinen sin bruk av området er tydelege. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om. I Ulla-Førre reguleringa inngår 28 magasin der Blåsjø er «hjarta» med 7 delmagasin. Reguleringssona er opptil 120 meter.

Dei direkte konsekvensane frå vasskrafta er oftast lite å gjere med, dei fleste inngrepa er tilnærma irreversible. Ein må derfor søke andre avbøtande tiltak.

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for en robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Samla belastning og vilkårsrevisjonar

Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar. Jamfør revisjonsdokumentet er Statkraft samd i dette.

Ikkje mindre enn fem vilkårsrevisjonar er tidsaktuelle, men desse er ulikt i saksgangen. For Sira-Kvina og Vinje-Tokke føreligg innstilling frå NVE og desse er til behandling i OED. For Ulla-Førre og Øvre-Otra reguleringane føreligg revisjonsdokumenta og saka er til behandling i NVE. For Røldal-Suldal er det venta at det blir opna for vilkårsrevisjon med det første.

Kunnskapsgrunnlaget – avbøtande tiltak

Det føreligg eit solid kunnskapsgrunnlag for villreinen i området. Eit GPS-merkeprosjekt starta i 2006. Det visast her til NINA Rapport 694, «Villreinen sin bruk av Setesdalsheiene». I rapporten heiter det mellom anna: *«Den menneskelige påvirkningen av disse områdene er svært kompleks og det har vært lite utveksling av dyr over øst-vest-aksen ved Blåsjø i løpet av prosjektperioden. Fragmenteringen av villreinområdet (med utbyggingen av Blåsjø og Svartevassmagasinet), menneskelig aktivitet i disse områdene og stort jaktpress kan til sammen forklare hvorfor SR i dag framstår som et todelt og mer isolert villreinområde. Effektive forvaltningsløsninger (mht. å øke bruken av de sørlige og vestligste delene av villreinområdet) bør derfor fokusere på problemstillinger knyttet til bestands- og arealforvaltningen samtidig.»*

I 2019 kom ein ny rapport, «GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke. Avbøtende tiltak» (NINA Rapport 1457). Hovudmålsettinga for prosjektet var «å skaffe kunnskap som gjennom forvaltning og tiltak kan bidra til å øke reinens arealbruk. Det ligger ikke i det planlagte prosjektets mandat å skulle innføre nye tiltak, pålegg eller endrete forvaltningsregimer. Men det vil være en naturlig oppgave å



**HJELMELAND
KOMMUNE**

foreslå tiltak som kan bidra til at den overordnede målsetningen om at økt arealbruk oppnås».

Rapporten foreslår ei rekkje avbøtande tiltak. Dette går mellom anna på bomregime på anleggsg vegar, jaktfredningssone og flytting av hytte- og løypenett.

For å auke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest i villreinområde er Steinsbuskaret eit nøkkelområde. *«Blåsjømagasinet og en rekke andre utbygginger og vegar har skapt marginale trekkpassasjer for villreinen. Ferdslø i forbindelse med turisthytta Storsteinen og vegen inn til Store Urevatn hindrer reinen i å bruke den trange trekkpassasjen..... Det mest omfattende tiltaket inkluderer flytting av hele det merkede stinettet fra østsiden av Blåsjø til vestsiden av Blåsjø, og som inkluderer flytting/nedleggelse av turisthytta Storsteinen og Hovatn, Vassdalstjørn, Krossvatn på østsiden av Blåsjø (...). Dette vil gi en robust situasjon for fremtiden. Målet vil være å ta vare på det sårbare trekket ved Steinbuskaret, samtidig som det er fleksible utviklingsmuligheter for friluftsliv/turisme/bruk av området i fremtiden» (side 95).*

Storsteinen og rutenettet aust for Blåsjø består av erstatningshytter (erstatning for Undeknuthytta, Blåfjellhytta og neddemde stiar), og er ein direkte konsekvens av Ulla-Førre reguleringane.

Det blei halde eit avsluttande styringsgruppemøte for GPS villreinprosjektet i Setesdal Ryfylke i oktober 2020. Samstundes blei det nedsett eit interimstyre som skulle førebu organisering av eit nytt prosjekt, lage eit forslag til liste med alle avbøtande tiltak, føreslå korleis dei kan realiserast og kven som skal vere ansvarleg for gjennomføringa. Interimsstyre vil leggje fram dette arbeidet i oktober 2021 for ei referansegruppa og det blir val av ei styringsgruppe.

Samstundes pågår det eit arbeid med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for bestandsforhold, lavbeite og leveområde etter kvalitetsnorm for villrein som blei fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. Med bakgrunn i dette vil ei klassifisering av Setesdal Ryfylke bli gjennomført. Dersom området blir klassifisert til dårleg tilstand etter kvalitetsnorma, som det utifrå kunnskapsgrunnlaget er grunn til å tru, skal det gjennomførast ein påverknadsanalyse for å klarlegge årsakene, og Klima- og miljødepartementet bør i samråd med andre berørte myndigheiter utarbeide en tiltaksplan.

Arbeidet med eit nytt prosjekt med «Avbøtande tiltak for villrein i Setesdal- Ryfylke» vil bli samordna med arbeidet etter kvalitetsnorm for villrein.

Alt i alt er kunnskapsgrunnlaget til stades for kunne gjennomføre avbøtande tiltak i villreinområde. Samstundes blir kunnskapen stadig betre. Forskningsprosjektet RenRein vil kunne gi viktig ny kunnskap om relevante avbøtande og kompensierende tiltak. Dette gjennom ein metodikk som blant annet ser på områder sin habitatverdi, simulerer villreinens moglegheit for å trekke mellom ulike funksjonsområder, og estimerer effekten av avbøtande tiltak. Sluttrapporten er venta i 2021.

I tillegg til arbeidet nemnt over er det iverksett nymerking med GPS-sendarar på villreinbukker som del av hastetiltaka mot skrantesjuka. Dette vil også kunne gi ny kunnskap.

Villreinfond

Som nemnt over har me eit godt kunnskapsgrunnlag og det blir arbeid med tiltaksplanar. Det er store og små tiltak som er føreslått. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak



HJELMELAND KOMMUNE

(av «problemeigar»), eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Som omtalt overfor er den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde.

Kommunedirektøren meiner derfor at det må etablerast eit felles villreinfond for Setesdal-Ryfylke. Kvar konsesjonseigar må påleggast å bidra til fondet etter kvart som dei nye reviderte konsesjonane blir vedteke. Som nemnt over er det 5 vilkårsrevisjonar i prosess.

Dette har nyleg aktualisert seg gjennom i dei reviderte konsesjonane for både Aurareguleringa og Hemsilreguleringa som blei vedteke i statsråd 23.06.2021. I vurderinga frå for Aurareguleringa heiter frå Olje- og energidepartementet:

«Departementet mener at det i denne saken er nødvendig at det opprettes et villreinfond som kan brukes til å finansiere nødvendige utredninger og gjennomføring av prioriterte avbøtende tiltak i hele villreinområdet. Departementet foreslår at regulanten betaler et engangsbeløp for å ivareta villreinbestanden i området. Regulanten pålegges derfor å bidra med 10 mill. kroner. Fondet skal innrettes slik at også andre aktører som finansierer tiltak av hensyn til villrein kan bidra inn til samme fond, f.eks. midler som tildeles fra Miljødirektoratet o.l.»

Kommunedirektøren meiner OED sin vurdering er overførbar til Setesdal Ryfylke. Ei føresetnad for å etablere eit villreinfond må likevel vere at innbetalinga må vere stort nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. For å kunne gjennomføre robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil dette kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei betydelege konsekvensane Ulla-Førre har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Eit tiltak som er føreslått i siste NINA rapport er ei jaktfri sone i området kring Steinsbuskaret. Dagens reguleringsbestemmelser, kapittel 9 punkt VII, omhandlar kostnad dersom ein ser det naudsynt å stoppe villreinjakt: «...skal utgiftene som måtte oppstå ved at disse områder vernes mot villreinjakt bekostes av reguleringsanleggets eier». Kommunedirektøren meiner desse bestemmingane må bli vidareført.

Konklusjon

Det er foreslått store og små tiltak for å betre tilstanden for villreinen. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak, eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår. Statkraft må bidra til at tiltaka gjennomførast.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde. Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar.



HJELMELAND KOMMUNE

Det må bli sett vilkår om at det skal avsetast midlar i eit villreinfond. Dette bør skje etter same prinsipp som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei betydelege konsekvensane Ulla-Førre har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

I dagens reguleringsbestemmingar er det vilkår som omhandlar kostnad ved eit eventuelt vern mot villreinjakt. Vilkåret må vidareførast for området kring Steinsbuskaret.

Kulturminne:

Det er registrert ei rekkje automatisk freda kulturminne langs vatna og vassdraga innafør konsesjonsområdet til Ulla-Førre. Fleire av disse ligg i erosjonssona til reguleringsmagasina (Bang-Andersen 1984). Pr i dag kjenner vi ikkje til tilstanden til desse eller om det er behov for tiltak for å ta vare på dei. På grunnlag av andre arkeologiske undersøkingar i Agder og Rogaland veit vi at ein vil finne mange nye og uregistrerte kulturminne i erosjonssona til reguleringsmagasina. Desse låg under vatn på 1970 og 1980-talet da registreringane vart gjennomført, men ligg nå tilgjengelege i reguleringssona.

Det er derfor behov for ei omfattande registrering av både automatisk freda og nyare tids kulturminne for å få ein oversikt over kulturminneinteressene i og langs vassdraga, samt ei kartlegging av skade på kulturminne i erosjonsbeltet. Dette vil danne eit viktig kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere om det er behov for å pålegge utbyggar erosjonssikring av eventuelle kulturminne.

Statkraft avvisar kommunanes krav om nye arkeologiske registreringar og kulturminnefond. Dei visar til at slike registreringar vart gjort i samband med utbygginga, og at Ulla-Førre reguleringa ikkje skal være omfatta av ordninga med sektoravgift for kulturminne.

Kommunen vil be om at NVE pålegg Statkraft å koste arkeologiske undersøkingar i erosjonssona til reguleringsmagasina. Ei slik undersøking må gjennomførast så fort som råd da desse kulturminna kan være utsett for ein pågåande skadesituasjon. Om NVE ikkje ønskjer å gje eit slik pålegg ber kommunen om at Statkraft blir pålagt dette i den nye konsesjonen.

Kommunen vil vidare be om at Statkraft blir pålagt å betale inn til eit kulturminnefond. Dette skal brukast til å sikre utsette kulturminne i erosjonssonene, informasjonsskilt om kulturminne som gjekk tapt i reguleringsmagasina og eventuelle vidare arkeologiske undersøkingar.

Prioritering av rekkefølga for dei arkeologiske registreringane nå utarbeidast av relevant fagmynde.

Andre krav - ferdsel og friluftsliv Saksopplysningar



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Samandrag

Fakta

NVE har opna for revisjon av konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre-konsesjonen på bakgrunn av eit felles revisjonskrav frå Hjelmeland, Suldal og Bykle kommunar. Kravet blei sendt i februar 2018, og NVE beslutta revisjonssak i november 2019. Statkraft har utarbeidd eit revisjonsdokument som er regulanten sitt tilsvar på kravet. NVE har sendt revisjonsdokumentet ut på høyring, og kommunen skal nå ta stilling til om ein har merknadar til innhaldet i revisjonsdokumentet.

Kort oppsummert er Statkraft positive til mange av dei tiltaka som er føreslegne i kravdokumentet, men ønskjer ikkje tiltak som gir redusert kraftproduksjon. Regulanten reknar med, og er positive til, at det ved revisjon vil bli innført nye standardvilkår for naturforvaltning. Dei viser til desse standardvilkåra for å løysa dei fleste av krava som er stilte. I tillegg tilrår dei eit nytt manøvreringsreglement for Suldalslågen der dei reduserar den pålagde vårflaumen, som ikkje har hatt den ønska effekten.

I det felles kravet om revisjon som kommunane sende, blei det kravd miljøbasert minimumsvassføring og slepp av vatn i fleire vassdrag av omsyn til fisk, biologisk mangfald og landskap. Det blei også stilt krav om andre biotopforbetrande tiltak. Det er også stilt krav knytt til villrein, kulturminne og friluftsliv.

Ulla-Førre anlegga verkar inn på vassdraga Ulla, Førreåna, Suldalsvatnet og Suldalslågen med sidevassdrag, og Tusso i Årdalsvassdraget.

Ulla-Førre reguleringsområdet grensar inntil fleire andre reguleringar: Røldal-Suldal, Otra, Duge (Sira-Kvina) og Lyse.

Det er store samfunnsinteresser knytt til vasskraftutbygginga. Rein vasskraft er eit viktig bidrag i det grønne skiftet. Og i kampen mot eit varmare og villare klima, er det eit aukande behov for kraftproduksjon utan utslepp av klimagassar. På den andre sida må ein ta med at klimaendringane fører til auka nedbør, og i seg sjølv gir grunnlag for auka kraftproduksjon.

Auka produksjon av grøn energi er prioritert av styresmaktene. Ulla-Førre- anlegga er eit omfattande og særskilt viktig anlegg. Den samla kraftproduksjonen frå dei fire kraftstasjonane er 4900 Gwh årleg, og gir nok straum til 250 000 husstandar. Anlegget er viktig med omsyn til forsyningsikkert, fleksibilitet og reguleringsevne i det norske kraftsystemet. Med kablar mellom Norge og Europa blir det også ein del av eit felles Europeisk kraftsystem.

Reguleringa av vassdraga har også betydning i forhold til flaumsikring, og dette er særskilt aktuelt ettersom ein må rekne med at flaumfaren vil auke framover.

Statkraft viser også til at det er behov for å sjå alle revisjonane av fleire store vannkraft-konsesjonar i samanheng, og den samla samfunnsverknaden av endra konsesjonsvilkår. Til det er det å merkje at også Øvre Otra-konsesjonen og Tokke-Vinje er under revisjon, og at Sira-Kvina nyleg er revidert. Alle desse konsesjonane virkar inn på eit større felles fjellområde – Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane. Følgjeleg er sumverknadane viktige, også i forhold til miljøomsyn. Kanskje då særleg i forhold til villreinen i dette området.



HJELMELAND KOMMUNE

Som Statkraft også peikar på, vil det vera naudsynt å vega behovet for kraft (og ikkje minst grøn kraft) opp mot miljøkrav som medfører auka vass-slepp og redusert produksjon.

Dette er ein revisjon av miljøvilkåra, og det er dei ålmenne miljøinteressene som skal ivaretakast i desse vilkåra. Denne reguleringa verkar inn på eit område og på vassdrag som er leveområde for fleire norske ansvarsartar. Dette gjeld villrein og villaks, som begge er artar under press, og der ein i Norge altså har eit særskilt ansvar for å ta vare på leveområde og leggja til rette for gode levevilkår for våre lokale stammer av desse artane.

I tillegg har me førekomstar av Storaure både i Suldalslågen og Øvre Tysdalsvatnet. Dette er artar som har fått større merksemd hjå forvaltninga dei siste åra, og der ein treng meir kunnskap. Ein må difor forvalta desse sine leveområde med aktsemd.

Kva kan reviderast?

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Lågaste og høgaste regulerte vannstand i magasinerna er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerar mellom desse ulike vannstandane.

Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (eks. sommarvass-stand), tersklar/vannspeil, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget med meir.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar er ikkje ein del av revisjonssaka.

Lover, føresegner, rundskriv

Vassdragsreguleringslova § 10 post 3, om revisjon av vilkår

Vassforskrifta (Forskrift 15.12.2006 nr. 1446) og

Vannforvaltningsplan for Rogaland, godkjent 4. juli i 2016, KMD

Økonomiske konsekvensar

Folkehelse

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Innkome uttalar



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Vurdering og konklusjon

Ulla-Førre konsesjonen er ein relativt ny konsesjon, med ein del miljøvilkår i utgangspunktet. Statkraft meiner at miljøforholda relativt sett er gode. Villrein – viser til Villreinprosjektet. Standardvilkår med påleggsheimel sikrar Statkraft si deltaking (meinar dei).

Suldalslågen – føreslår fysiske tiltak og endring i vannslepp.

Tilrår fysiske tiltak framfor vannslepp i Ulla.

I dei andre vassdraga meiner dei at miljøforbetringane ikkje vil forsvare produksjonstapet.

Statkraft forutset at det blir fastsett oppdaterte standardvilkår for naturforvaltning i revisjonen, og at krav knytt til ferdsel, friluftsliv, fiske og liknande bør følgjast opp i medhald av slike standardvilkår i ny konsesjon.

Generelt ønskjer kommunane at det for dei vassdraga som ikkje har minstevassføring, blir fastsett krav om bruk av miljødesign som metode som vilkår i revisjonen. Dette for å sikra at det faktisk blir gjort tiltak, og at dette ikkje blir knytt til standard naturforvaltningsvilkår

Statkraft legg stor vekt på norsk vasskraft si rolle i det nordiske og europeiske kraftsystemet.

Vasskrafta er viktig blant anna for regulering av kraftmarknaden, både nasjonalt og i den internasjonale marknaden. Ulla-Førre anlegga er svært fleksible og har stor kapasitet, og er følgjeleg svært viktige.

Meir detaljert om krav og tilsvar:

Villrein

Krav

Kommunane krev at Statkraft fortsett og bidreg økonomisk og på anna vis, til forskning på effektane av vasskraftutbygginga og moglege effektar av kompensierende tiltak. Kommunane krev og at Statkraft blir pålagt ansvar om å bidra i kompensierende tiltak som kjem frå GPSmerkeprosjekta og vidare forskning. Som slikt aktuelt tiltak nemner dei flytting av turisthytter/løypenett frå austsida av Blåsjø. Kommunane skriv det og er viktig å sjå konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre i samanheng med kringliggande vasskraftanlegg og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet under eitt.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Statkraft si vurdering av krav (frå revisjonsdokumentet side 80)

«Omsyn til villrein sto sentralt alt da anlegga blei godkjende og bygd, og konsesjonen har allereie vilkår knytt til villrein. Statkraft meiner desse vilkåra (jf. føresegnene pkt. II og VI i vedlegg 5) i hovudsak er dekkande og vi antek dei gjev naudsynt heimel for dei pålegga som kommunane krev. Vi meiner myndigheitene må ta stilling til ev behov for presisering av vilkåra, t.d. knytt til bidrag inn i felles tiltaksgjennomføring med andre partar eller liknande. Statkraft er einig med kravstillarane i at villreinområdet bør sjåast under eitt. I prioritering av aktuelle tiltak bør alle typar påverknadar vurderast og tiltak gjennomførast i prioritert rekkjefølge med sikte på best mogleg effekt og utnytting av samla ressursar. Etter at krava var sett fram har prosjektet i Setesdal Ryfylke villreinområde, som Statkraft og har bidratt i, levert sin sluttrapport. Statkraft viser til rapporten sine anbefalingar til vidare oppfølging. Vi er innstilt på å bidra vidare i forskning og utgreiing, samt inn i eventuelle tiltaksplanar eller - program ut frå kva som er ei rimeleg fordeling mellom aktuelle partar. Statkraft meiner oppfølging av rapporten sine anbefalingar må koordinerast mellom fleire sektorar, myndigheiter og aktuelle deltakarar. Det meiner vi blir teke best i vare med oppfølging etter standardvilkår, og ikkje eigne vilkår for konkrete tiltak»

Vurdering

Slik kommunedirektøren oppfattar revisjonsdokumentet er Statkraft positive til å bidra til avbøtande tiltak for villreinen. Det er bra. Spørsmålet er korleis ein best kan gjere dette.

Kort om villreinen og villreinområdet

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag har Norge siste rest av denne arten i Europa, og villreinområde i Setesdal Ryfylke er den sørlegaste førekomsten. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av leveområda, ikkje minst i det aktuelle villreinområde.

Setesdal Ryfylke er det nest største villreinområdet i Norge. Noverande bestandsplan legg opp til ein bestand på om lag 4000 villrein. Villreinområdet er svært prega av vasskraftutbyggingar. Ulla-Førre er ein sentral del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkveggar, beiteareal som er neddemt, forstyrringar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til hyttebygging, fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsveggar.

Endringane i villreinen sin bruk av området er tydelege. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om. I Ulla-Førre reguleringa inngår 28 magasin der Blåsjø er «hjarta» med 7 delmagasin. Reguleringssona er



HJELMELAND KOMMUNE

opptil 120 meter.

Dei direkte konsekvensane frå vasskrafta er oftast lite å gjere med, dei fleste inngrepa er tilnærma irreversible. Ein må derfor søke andre avbøtande tiltak.

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for en robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Samla belastning og vilkårsrevisjonar

Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar. Jamfør revisjonsdokumentet er Statkraft samd i dette.

Ikkje mindre enn fem vilkårsrevisjonar er tidsaktuelle, men desse er ulikt i saksgangen. For Sira-Kvina og Vinje-Tokke føreligg innstilling frå NVE og desse er til behandling i OED. For Ulla-Førre og Øvre-Otra reguleringane føreligg revisjonsdokumenta og saka er til behandling i NVE. For Røldal-Suldal er det venta at det blir opna for vilkårsrevisjon med det første.

Kunnskapsgrunnlaget – avbøtande tiltak

Det føreligg eit solid kunnskapsgrunnlag for villreinen i området. Eit GPS-merkeprosjekt starta i 2006. Det visast her til NINA Rapport 694, «Villreinen sin bruk av Setesdalsheiene». I rapporten heiter det mellom anna: «Den menneskelige påvirkningen av disse områdene er svært kompleks og det har vært lite utveksling av dyr over øst–vest-aksen ved Blåsjø i løpet av prosjektperioden. Fragmenteringen av villreinområdet (med utbyggingen av Blåsjø og Svartevassmagasinet), menneskelig aktivitet i disse områdene og stort jaktpress kan til sammen forklare hvorfor SR i dag framstår som et todelt og mer isolert villreinområde. Effektive forvaltningsløsninger (mht. å øke bruken av de sørlige og vestligste delene av villreinområdet) bør derfor fokusere på problemstillinger knyttet til bestands- og arealforvaltningen samtidig.»

I 2019 kom ein ny rapport, «GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke. Avbøtande tiltak» (NINA Rapport 1457). Hovudmålsettinga for prosjektet var «å skaffe kunnskap som gjennom forvaltning og tiltak kan bidra til å øke reinens arealbruk. Det ligger ikke i det planlagte prosjektets mandat å skulle innføre nye tiltak, pålegg eller endrete forvaltningsregimer. Men det vil være en naturlig oppgave å foreslå tiltak som kan bidra til at den overordnede målsetningen om at økt arealbruk oppnås».

Rapporten foreslår ei rekkje avbøtande tiltak. Dette går mellom anna på bomregime på anleggsvegar, jaktfredningssone og flytting av hytte- og løypenett.

For å auke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest i villreinområde er Steinsbuskaret eit nøkkelområde. «Blåsjømagasinet og en rekke andre utbygginger og vegar har skapt marginale trekkpassasjer for



HJELMELAND KOMMUNE

villreinen. Ferdsl i forbindelse med turisthytta Storsteinen og vegen inn til Store Urevatn hindrer reinen i å bruke den trange trekkpassasjen..... Det mest omfattende tiltaket inkluderer flytting av hele det merkede stinettet fra østsiden av Blåsjø til vestsiden av Blåsjø, og som inkluderer flytting/nedleggelse av turisthytta Storsteinen og Hovatn, Vassdalstjørn, Krossvatn på østsiden av Blåsjø (...). Dette vil gi en robust situasjon for fremtiden. Målet vil være å ta vare på det sårbare trekket ved Steinbuskaret, samtidig som det er fleksible utviklingsmuligheter for friluftsliv/turisme/bruk av området i fremtiden» (side 95).

Storsteinen og rutenettet aust for Blåsjø består av erstatningshytter (erstatning for Undeknuthytta, Blåfjellhytta og neddemde stiar), og er ein direkte konsekvens av Ulla-Førre reguleringane.

Det blei halde eit avsluttande styringsgruppemøte for GPS villreinprosjektet i Setesdal Ryfylke i oktober 2020. Samstundes blei det nedsett eit interimstyre som skulle førebu organisering av eit nytt prosjekt, lage eit forslag til liste med alle avbøtande tiltak, føreslå korleis dei kan realiserast og kven som skal vere ansvarleg for gjennomføringa. Interimsstyre vil leggje fram dette arbeidet i oktober 2021 for ei referansegruppa og det blir val av ei styringsgruppe.

Samstundes pågår det eit arbeid med oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for bestandsforhold, lavbeite og leveområde etter kvalitetsnorm for villrein som blei fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. Med bakgrunn i dette vil ei klassifisering av Setesdal Ryfylke blir gjennomført. Dersom området blir klassifisert til dårleg tilstand etter kvalitetsnorma, som det utifrå kunnskapsgrunnlaget er grunn til å tru, skal det gjennomførast ein påverknadsanalyse for å klarlegge årsakene, og Klima- og miljødepartementet bør i samråd med andre berørte myndigheiter utarbeide en tiltaksplan.

Arbeidet med eit nytt prosjekt med «Avbøtande tiltak for villrein i Setesdal- Ryfylke» vil bli samordna med arbeidet etter kvalitetsnorm for villrein.

Alt i alt er kunnskapsgrunnlaget til stades for kunne gjennomføre avbøtande tiltak i villreinområde. Samstundes blir kunnskapen stadig betre. Forskingsprosjektet RenRein vil kunne gi viktig ny kunnskap om relevante avbøtande og kompensierende tiltak. Dette gjennom ein metodikk som blant annet ser på områder sin habitatverdi, simulerer villreinens moglegheit for å trekke mellom ulike funksjonsområder, og estimerer effekten av avbøtande tiltak. Sluttrapporten er venta i 2021.

I tillegg til arbeidet nemnt over er det iverksett nymerking med GPS-sendarar på villreinbukker som del av hastetiltaka mot skrantesjuka. Dette vil også kunne gi ny kunnskap.

Villreinfond

Som nemnt over har me eit godt kunnskapsgrunnlag og det blir arbeid med tiltaksplanar. Det er store og små tiltak som er føreslått. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak



HJELMELAND KOMMUNE

(av «problemeigar»), eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Som omtalt overfor er den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde.

Kommunedirektøren meiner derfor at det må etablerast eit felles villreinfond for Setesdal-Ryfylke. Kvar konsesjonseigar må påleggast å bidra til fondet etter kvart som dei nye reviderte konsesjonane blir vedteke. Som nemnt over er det 5 vilkårsrevisjonar i prosess.

Dette har nyleg aktualisert seg gjennom i dei reviderte konsesjonane for både Aurareguleringa og Hemsilreguleringa som blei vedteke i statsråd 23.06.2021. I vurderinga frå for Aurareguleringa heiter frå Olje- og energidepartementet:

«Departementet mener at det i denne saken er nødvendig at det opprettes et villreinfond som kan brukes til å finansiere nødvendige utredninger og gjennomføring av prioriterte avbøtende tiltak i hele villreinområdet. Departementet foreslår at regulanten betaler et engangsbeløp for å ivareta villreinbestanden i området. Regulanten pålegges derfor å bidra med 10 mill. kroner. Fondet skal innrettes slik at også andre aktører som finansierer tiltak av hensyn til villrein kan bidra inn til samme fond, f.eks. midler som tildeles fra Miljødirektoratet o.l.»

Kommunedirektøren meiner OED sin vurdering er overførbar til Setesdal Ryfylke. Ei føresetnad for å etablera eit villreinfond må likevel vere at innbetalinga må vere stort nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. For å kunne gjennomføre robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil dette kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei betydelege konsekvensane Ulla-Førre har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Eit tiltak som er føreslått i siste NINA rapport er ei jaktfri sone i området kring Steinsbuskaret. Dagens reguleringsbestemmelsar, kapittel 9 punkt VII, omhandlar kostnad dersom ein ser det naudsynt å stoppe villreinjakta: «...skal utgiftene som måtte oppstå ved at disse områder vernes mot villreinjakt bekostes av reguleringsanleggets eier». Kommunedirektøren meiner desse bestemmingane må bli vidareført.

Konklusjon

Det er foreslått store og små tiltak for å betre tilstanden for villreinen. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak, eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår. Statkraft må bidra til at tiltaka gjennomførast.



HJELMELAND KOMMUNE

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde. Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar.

Det må bli sett vilkår om at det skal avsettast midlar i eit villreinfond. Dette bør skje etter same prinsipp som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei betydelege konsekvensane Ulla-Førre har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

I dagens reguleringsbestemmingar er det vilkår som omhandlar kostnad ved eit eventuelt vern mot villreinjakt. Vilkåret må vidareførast for området kring Steinsbuskaret.

Ulla

Krav

Kommunane har fremja krav om gjennomføring av miljødesignprosjekt og at det basert på biologiske undersøkingar i vassdraget må innførast eit miljøtilpassa slepp av vatn og vurderast fysiske tiltak m.a. fjerning av vandringshindre for å utvide det lakseførande strekket opp til Moen.

Statkraft si vurdering av kravet

Statkraft legg til grunn for vurderingane at gytebestand og haustingspotensial for laks i Ulla er svært god.

Det er fleire moglege stader slepp av vatn kan skje i frå, men med bakgrunn i simuleringar, årsikker vassføring og produksjonstap, meiner Statkraft at eventuelt slepp til Ulla bør skje frå Stovedalsvatnet.

Med fagleg grunnlag i sluttrapporten frå fiskeundersøkingane er produksjonskonsekvensar av to ulike minstevassføringsregime ved Hauge bru analysert: 0,6 m³/s gjennom heile året og 1,2 m³/s på sommaren og 0,6 m³/s gjennom vinteren. I tillegg har vi simulert eit fast slepp på 0,6 m³/s gjennom heile året frå Stovedalsvatnet. Simuleringane viser at kombinasjon av resttilsig og slepp for å sikre ei minimum vassføring som føreslege i flaskehalsanalysa, kan gjerast med relativt små produksjonstap. Grunna dei omtala forholda knytt til pumpedrift og optimalisert produksjon blir kostnadane knytt til



HJELMELAND KOMMUNE

produksjonstap og flytting av produksjon likevel betydelege.

Med utgangspunkt i at tilstanden for laksebestanden i Ulla er svært god meiner Statkraft at slepp av vatn ikkje vil gi miljønytte som veg opp ulempene for kraftproduksjon. Statkraft har ikkje gjort vurderingar med vekt på andre interesser og omsyn, men meiner det eventuelt kan greiast ut i revisjonsprosessen. Som alternativ til slepp av vatn peikar Statkraft på til moglege fysiske tiltak for miljøforbetringar som er identifisert i Ulla.

Vurdering

Ullavassdraget hadde opphavleg eit nedbørfelt på 395 km² med fleire store innsjøar. Ved utløpet til sjø var middelvassføringa på ca. 32 m³/s. Etter utbygginga er restfeltet på 64 km² som gir ein gjennomsnittleg vassføring ved utløpet til sjø på ca. 5,7 m³/s (18 % av opphaveleg). Det er ingen minstevassføring.

Til tross for dette har laksen klart seg bra. Som Statkraft skriv oppnår ein gytebestandsmålet. Potensialet er derimot langt større og det faglege grunnlaget gjennom ei Miljødesign undersøking[1] peikar på at «lite vanndekt areal i de tørreste delene av sommeren antas å være en viktig flaskehals for fiskeproduksjonen i Ulla. Lav vintervannføring er også en potensielt viktig flaskehals, i hovedsak på grunn av tørrlegging av gytegroper».

Med bakgrunn i Miljødesignundersøkinga blir det føreslått ei forholdsvis låg minimumsvassføring målt ved Hauge bru: 1,2 m³ om sommaren og 0.6 m³ om vinteren. Dessverre er desse tala ikkje omtalt i rapporten, men dei blei presentert i eit møte i Suldal 5. juni 2018 der representantar frå kommunane, Fylkesmannen, Miljødirektoratet og Statkraft var til stades.

Miljødesignrapporten konkludera med at dei kunstige tersklane i elva har medført betydeleg forverring av habitatet. Det blir derfor frå fagleg hold anbefalt å starte med fjerning av utvalde tersklar, og evaluere effekten av tiltaka.

Som alternativ til slepp av vatn peikar Statkraft på til moglege fysiske tiltak for miljøforbetringar som er identifisert i Ulla. Kommunedirektøren er ikkje samd i dette. I ei så sentral lakselv som Ulla er treng ein begge delar. Ein må først innføre vilkår om miljøtilpassa vassføring, deretter oppfølgjande habitatforbetrande tiltak basert på «ny» vassføring. Dette må prioriterast høgt i vilkårsrevisjonen. Kommunedirektøren vil her vise til at Ulla (nedre) er høgt prioritert i arbeidet etter vassforskrifta. I Klima- og miljødepartementet sin godkjenning av den gjeldande regionale vassforvaltningsplanen blei vassførekomsten angitt med miljømål som «høyere enn dagens tilstand og som trenger nye tiltak som kan medføre tap av kraftproduksjon».



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Vassføringa kan ta utgangspunkt i minimumsvassføringa som er føreslått etter Miljødesignmetoden, men bør ha eit prøvereglement som gjer at ein etter til dømes 5 år kan finjustera vassmengda. Dersom ein treng meir vatn for optimalisering av elva som fiskeproduserande, t.d. opp mot Q95 (vassføring som det historisk har vore overskrida 95 prosent av tida), må dette kunne innførast. Det visast her til at ein ved behandling av nye kraftverk er det i dag vanleg å gå ut i frå Q95 (gjerne splitta for sommar og vinter) som ein standardverdi for berekning av minstevassføring.

Sjølv om bestanden har klart seg bra er det ikke gitt at dette vil være tilfellet framover. Klimaendringar gjer at me må rekna med periodar med tørrare og varmare vær, noko som kan vere kritisk for laks i små vassdrag. Stor fisk, som det er innslag av i Ulla, vil kunne vere ekstra sårbar for lave vassføringar.

Dagens vandringshinder for anadrom fisk er vurdert å vere ved kommunegrensa mellom Hjelmeland og Suldal. Denne består av ei røys med store steinblokker og som det tidlegare er vurdert å vere relativt enkelt å opne. Laks og sjøaure kan da vandre nye 1,5 km opp til Jøsenåsen. Her er det eit nytt liknande vandringshinder. Opnar ein også dette har ein til saman over 7 km nytt laksestrek om fisken tek dette i bruk. Etter løyve frå Fylkesmannen/Statsforvaltaren er det gjennom fleire år sett ut stamlaks i dette området. Det betyr at den biologiske vurderinga om dette er eit område ein skal opne for laksefisk er alt er vurdert. Kommunedirektøren meiner ein må prioritere høgt å opne anadrom strekning til Moen. I den samanhengen er det viktig at framtidig miljøtilpassa vassføring er fagleg begrunna også for dette område. Dette styrkar forlaget med å ha ei prøvereglement for eit nytt vassføringsregime.

Gjennomsnittleg vassføring i smoltutvandringsperioden er redusert med ca. 88 % etter reguleringa, og flaumtoppane har også blitt langt mindre. Dette ventes i utgangspunktet å ha ein negativ effekt på smoltens overleving, ved å forsinke og desynkronisere smoltens utvandring gjennom elv og fjord.

For Ulla føreligg det ikkje data som tilseier at reguleringa har redusert smoltoverlevinga betydeleg. Enkelte år, då ein får eit samanfall av lite snøsmelting og manglande nedbør (flaum), kan dette likevel vere eit problem. Det bør derfor vere eit vilkår i konsesjonen som seier at ein må sleppe ein tilstrekkeleg mengde vatn for smoltutvandring, dersom naudsynt vatn ikkje kjem frå restfeltet innafor eit "normalt" tidsvindauga. Det må fagleg definerast storleik på eit smoltslepp og kva vassføring som tilseier at det ikkje er behov for ekstra vatn i smoltutvandringsperioden.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner at det må innførast eit vilkår om miljøtilpassa vassføring. Det må og gjennomførast oppfølgjande habitatforbetrande tiltak basert på «ny» vassføring. Vassføringa kan ta utgangspunkt i kva som er føreslått etter Miljødesignmetoden, men bør ha eit prøvereglement som gjer at ein etter til dømes 5 år kan justera vassmengda. Dersom ein treng meir vatn for optimalisering



HJELMELAND KOMMUNE

av elva som fiskeproduserande, t.d. opp mot Q95, må dette kunne innførast.

Ein må til retteleggje for at fisken kan passera dagens to vandringshinder og dermed opne for om lag 7 km nytt anadromt strekk. Framtidig vassføring må vere fagleg forankra også for dette nye område.

Det må vere eit vilkår i konsesjonen som seier at ein må sleppe ein tilstrekkeleg mengde vatn for smoltutvandring, dersom naudsynt vatn ikkje kjem frå restfeltet innafor eit "normalt" tidsvindauga.

Ulla må prioriterast høgt i vilkårsrevisjonen.

Førreåna

Krav

Det er fremja krav om gjennomføring av miljødesignprosjekt og at det blir vurdert minstevassføring og habitatbetrande tiltak for å auke bestandane av laks og sjøaure og gjera dei meir levedyktige.

Statkraft si vurdering av kravet

Anadrom strekning i Førreåna går om lag 400 meter oppstraums samløp med Søråa. For å gje årsikker vassføring på heile det anadrome strekket, må slepp skje frå Førrevassdammen og forbi inntaket i Førrejuvet. Eit slepp frå Stølsdalen via Søråa vil ikkje nå heile den anadrome strekninga, men vil være vesentleg enklare å etablere og drifte, og gje langt mindre produksjonstap enn slepp frå Blåsjø. Vassbotnvatnet har ikkje tilstrekkeleg magasin til å sikre vassføring i tørre periodar. I praksis vil ei løysing for slepp kunne vere frå tunnelen Kvivatnet - Sandsavatnet, som er forbunde mot Bjørndalvatn.

Statkraft sitt utgangspunkt for vurdering av kostnadar og nytte av minstevassføring i Førreåna er at tilhøva for laksen har vore moderat til god dei seinaste åra. Trass i at den er sterkt regulert har elva ein god produksjon av laks og aure på det arealet fisken har tilgjengeleg.

Så lenge bestanden av laks i Førre blir halden oppe, vil det etter Statkraft si vurdering ha høge kostnadar og låg miljønytte å sleppe vatn med sikte på å auke produksjonen av fisk i elva. Statkraft meiner slepp av vatn til Førre ikkje gjev nytte for miljøet som svarar til ulempene for kraftproduksjon.



HJELMELAND KOMMUNE

Ved tapping og overløp i Blåsjø går det mykje vatn i Førre som verkar negativt inn på fisk og flyttar botns substrat og endrar dei hydromorfologiske forholda i elva. Statkraft meiner det ikkje er tilrådeleg med fysiske tiltak av omsyn til fisk, ettersom slike hendingar kan gi skadar og vedlikehaldsbehov. Fordi elva ligg veglaust vil etablering og vedlikehald vere utfordrande og kostnads krevjande.

Vurdering

Om lag 89% av opphavleg vassføring er fråført. Middelvassføring ved utløp er 1,6 m³/s. Ved tapping av Blåsjø blir vatnet slept frå Førrevassdammen til Førreåna, slik at det periodevis kan vera stor vassføring i Førre. Anadromt strekk er 2,2 km, der dei siste 400m er oppstraums samløpet med Søråa.

Også i Førreåna er det gjennomført flaskehalsanalysar, som viser at lite vassdekt areal i dei tørraste delane av sommaren er ein viktig flaskehals. Også på vinteren er låg vassføring ein potensielt viktig flaskehals på grunn av tørrlegging av gytegroper. Ei anna utfordring kan vera reduserte vårflaumar i perioden når smolten skal vandra ut. Den viktigaste habitatflaskehalsen er for lite gyteareal. Bestandsstatus for både laks og sjøaure er i følgje Statkraft moderat til god, og at det er god produksjon med laks og aure på dei areala som er vassdekkja.

Det er ingen tvil om at det er kostnadar knytt til å sleppa vatn for å sikra ei minstevassføring. Like lite er det tvil om at det er vatn som må til, får å betra tilhøva og auka produksjonen av laks og sjøaure. Sjøauren ser ut til å klare seg mindre dårleg her enn mange andre stader, og difor meiner rådmannen det er viktig å prioritera tilhøva for sjøaure her. Difor meiner rådmannen at ein bør halda fast på kravet om ei minimumsvassføring i Førreåna, og ei føreslår som ei minimumsløysing ei vassføring på 1,0 m³/s om sommaren og 0,5 m³/s om vinteren. Dette gir eit betydeleg mindre krafttap enn dei andre simulerte løysingane, men vil bidra positivt for laks og sjøaure. I tillegg til ei slik minimumsvassføring bør ein sikra at det er ein årleg vårflaum i samband med smoltutvandringa. Statkraft ser ut til å meina at det at Førre ligg avsides til, og fordi det ikkje er opna for fiske her og følgjeleg friluftssinteressene er mindre, så er det liten grunn for å prioritera vatn i Førre-åna utover det som er naudsynt for å sikra at bestandane blir bevarte. Rådmannen er usamd i denne vurderinga. For det første er både laks og sjøaure arter i nedgang, og det aleine krev at forvaltninga av vassdraga betrar tilhøva for desse artene. Dernest meiner ein at det er friluftssinteresser knytt til Førre, sjølv om ein må i båt for å komme dit. Og for mange vil vera verdifullt at det er livskraftige bestand av laks og sjøaure i elva, heilt uavhengig om ein kan driva fiske på dei.

Det er høgare kostnadar med vass-slepp og eventuelle biotopforbetrande tiltak i Førre, enn til dømes i Ulla. Dette skuldast blant anna at det er meir krevjande reint teknisk, og at potensialet for produksjonsauke er mindre her.

Konklusjon

For å sikra levedyktige bestand av laks og sjøaure, og særleg av omsyn til sjøauren, bør



HJELMLAND KOMMUNE

vilkårsrevisjonen fastsetja ei minimumsvassføring for Førre-åna, og sikra at det blir ein årleg vårflaum for å sikra smoltutvandringa.

Kviåna

Krav:

Det er fremja krav om vannslepp i Kviåna i ein periode om sommaren. Grunngevinga for kravet er opplevingsverdi for ålmenta, og det vil vera med å byggja opp under Jøsenfjorden som reisemål.

Statkraft si vurdering av kravet:

Kvivatnet er ikkje regulert magasin og feltet er lite med høgt innslag av bart fjell som gir rask avrenning. Statkraft meiner at slepp av vatn til Kviåna berre vil bidra til auka landskapsoppleving i relativt korte periodar, knytt til nedbør og tidleg i den aktuelle sommarperioden når det er snøsmelting i fjellet. Dei kjenner ikkje til andre miljøverdiar i vassdraget. Dei peikar på at det krevst båt for å komme til området innerst i Jøsenfjorden. Kviåna ligg innafor Vormedalsheia landskapsvernområde som blei oppretta etter reguleringa. Dei viser også at krav om vannslepp i Kviåna, Førre-åna og Tusso vil konkurrere om det same vatnet. Statkraft meiner at nytta av vannslepp til Kviåna ikkje står i stil med kostnadane, som er tap av fleksibel kraftproduksjon, og at kravet bør avvisast.

Vurdering

Det har vore ei auka satsing på Jøsenfjorden som reisemål dei seinare år. I Helgøy Skyssbåt hadde i 2021 Jøsenfjord-cruise kvar torsdag og laurdag frå om lag midten på juni til midten av august. Ein reknar med at etterspurnaden etter desse cruisa berre vil auke, når reiselivet normaliserar seg etter pandemien og ein får fleire utanlandske turistar. Den storslegne naturopplevinga det er å kome innst i Jøsenfjorden, blir heilt klart forsterka med vatn i Kviåna.

Statkraft er opptatt av at det krevst båt for å komma til områda inst i Jøsenfjorden, og med det trur ein at dei meiner at dette er ei oppleving for dei få. Rådmannen vil peike på at mange har eigen båt. Turist-cruise, som nemnd ovanfor, gjer området tilgjengeleg for fleire. Til samanlikning med t.d. Lysefjorden og andre fjordar i Noreg, så må ein peike på at det at fjorden må opplevast frå båt, ikkje gjer opplevinga mindre eller heilt utilgjengeleg.

Rådmannen har forståing for at det medfører ein kostnad å sleppa vatn, og at ein må gjera ei vurdering av kvar det er viktigast å sleppa vatn og kor ein får størst samfunnsnytte av vatnet.

Tusso

Krav

Det er fremja krav om miljøtilpassa slepp av vatn. Føremålet med kravet er å sikre ein sjølvreproduserande laksestamme. Minstevassføring må avklarast gjennom revisjonsprosessen etter



HJELMELAND KOMMUNE

prinsippa for miljødesign for laksevassdrag.

Statkraft si vurdering av kravet:

Statkraft oppfatar at kravet er klart knytt til eit mål om ein betre produksjon av laks, og legg til grunn at eit eventuelt slepp skal gje årsikker vassføring. Vatn må i tilfelle komma frå Bjørndalsvatnet. Dei har simulert med ei vassføring på 0,63 m³/s om sommaren og 0,13 m³/s om vinteren (Q95).

Dei skriv at ein slikt fast slepp av vatn vil gi eit netto produksjonstap på 16,7 GWh. Ut over dette tapet er det verdt å merkje at slepp på 0,66m³/s gjennom sommaren inneber ei monaleg reduser pumping i Saurdal. Delen av produksjonstapet som vil finne stad i vinter-/høglastperiodar vil difor vera relativt sett større enn nettotapet tilseier.

I lakseregisteret er bestandssituasjonen for laks i Årdalsvassdraget registrert som svært god med omsyn til gytebestandsmål og haustingspotensial. I vann-nett er miljømål for Tusso registrert som oppfylt med godt økologisk potensial. Statkraft meiner den moglege betringar av gytetilhøva i Tusso som minstevassføring kan bidra til, vil ha marginal betydning for bestandssituasjonen i Årdalsvassdraget. Statkraft meiner at kostnadane med kravet er for store i forhold til nytten, og meiner at kravet må avvist, og at eventuelle biotopforbetrande tiltak kan følgjast opp i medhald av standardvilkår.

Vurdering

Tusso blir påverka av reguleringa av inntak frå Tusso og fleire sidevassdrag i Grasdalen og frå reguleringa av Bjørndalsvatnet. Dessutan påverka av inntak til Lysereguleringa i Oddaheia. Estimert restvassføring ved lågvassføring 20 – 25% av naturleg nivå. Tusso er eit sidevassdrag i Årdalsvassdraget og renn via Øvre Tysdalsvatnet ut i Bjørg og vidare til Storåna i Årdal. Den største påverknaden av Årdalsvassdraget kjem frå Lyse-reguleringa.

Det er rett at kommunane i det framlagde kravet la stor vekt på tilhøva for laksen. Det har i den seinare tid, etter at kravet blei framlagt, blitt sett eit større fokus på storaure, og Miljødirektoratet har lagt fram ein strategi for bevaring og utvikling av storaurebestandar. Me veit at det er stor aure i Øvre Tysdalsvatnet, men me har liten kunnskap om aurebestanden. Her treng me meir kunnskap, og det er viktig å ta vare på gytemulighetene og oppvekstforholda, ikkje berre for laksen, men ikkje minst for storauren.

Også i Tusso vil miljødesign vera ei god tilnærming, som kan gi svar på den rette miksen av biotopforbetrande tiltak og vassføring. Minstevassføring tilsvarande Q95, slik som Statkraft har simulert for, kan brukast som eit prøvemanøvreringsreglement i ein periode inntil ein har fått innhenta meir kunnskap. Eit miljødesignprosjekt som kan gi svar på kva som må vera ei naudsynt minimumsvassføring. Nye konsesjonsvilkår bør sikra mulighet for ei slik prøveordning, og deretter ei framtidig minimumsvassføring som kan sikra gode levevilkår for laks og storaure.

Suldalslågen



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Krav

Krav for Suldalsvassdraget er dels knytt til å undersøke moglege tiltak i Suldalslågen, retta mot sedimentering og attgroing samt for å betre temperaturtilhøva for fisk gjennom å byggje ein demning under vatn ved Helganes.

Krav frå Statkraft

Statkraft har ikkje gjort vurderingar av demning/terskel ved Helganeset. Dei har derimot foreslått endring i dagens vilkår som dei meiner både kan gi betring av habitat og av temperaturtilhøve.

Ved å redusere vårflaumen og gjere fysiske tiltak med ripping av elvebotnen på seinhausten vil ein både kunne betre temperaturforholda, betre yngelens tilgang til skjul i elva og auke kraftproduksjonen i systemet. Statkraft vil i samheng med vilkårsrevisjonen difor føreslå endring i dagens manøvreringsreglement. Vi foreslår at sleppet i den første flaumperioden på våren, jf. manøvreringsreglementet pkt. 2 III, blir redusert frå 200 m³ /s til nivå med den påfølgande, vekelange smoltutvandringsflaumen på 100 m³ /s, og at oppreinsking i finsediment i staden løysast med planmessig ripping i dei øvre delane av elva.

Vurdering

Etter vasskraftreguleringa har Suldalslågen fått ein unaturleg stabil vassføring utan dei store flaumtoppane. Eit resultat er sterk begroing av mose som følge av lav naturleg sedimenttransport samt reduserte flaumar og vassdragsdynamikk. Med bakgrunn i dette har fleire studiar påpekt mangel på skjul for ungfisk som ein flaskehals for fiskeproduksjon for laks og sjøaure.

I 2019 fekk Statkraft gjennomført, som eit frivillig tiltak, eit pilotprosjekt med ripping i Suldalslågen. Dette er ein metode for mekanisk reinsing av botnsubstratet er å løyse opp i elvebotn slik at ein gjenskaper holrom mellom steinar. Resultata frå pilotprosjektet var svært gode. Hausten 2021 har Statkraft derfor starta ein fleirårsplan for fullskala ripping.

I tillegg til rippinga har Suldalslågen forvaltningslag, i samarbeid med Suldal jakt og fiskelag og Ryfylke vassområde, starta eit prosjekt med habitatforbetrande tiltak til sidebekkane til Suldalslågen. Statkraft har støtta dette arbeidet.

Med bakgrunn i faglege utgreiingar føreslår Statkraft å redusera vårflaumen i elva. Flaumen har ikkje gitt ønskjeleg verknad på botnsubstratet og er negativ i forhold til eit ønskje om høgare temperatur i elva.

Ei vesentleg del av kommunane sitt krav var retta mot problematikken rundt sedimentering, attgroing og habitatforbetrande tiltak. Tiltaka som no blir gjennomført svarar til denne del av kravet forutsett at det blir følgt opp på lang sikt. Kommunedirektøren meiner at vidare oppfølging kan



HJELMELAND KOMMUNE

gjerast gjennom frivillige tiltak eller gjennom krav etter standard naturforvaltningsvilkår. Korleis ein kan optimalisere temperaturen i elva bør inkluderast i dette.

Konklusjon

Statkraft foreslår å endra manøvreringsreglement for Suldalslågen ved å redusere vårflaumen. Kommunedirektøren ser at det er faglege argument for dette og støttar opp om redusert vårflaum.

Kommunedirektøren støtter og opp om det arbeidet som no blir gjennomført i forhold til habitatforbetrande tiltak. Vidare oppfølging kan gjerast gjennom frivillige tiltak eller gjennom krav etter standard naturforvaltningsvilkår. Korleis ein kan optimalisere temperaturen i elva bør inkluderast i dette.

Mosåna

Krav

For Mosåna er det gjort framlegg om slepp av 150 l/s frå Mosvatnet. Mosåna har tidlegare hatt ei stor betydning som oppvekstområde for laks, men at elva etter reguleringa i periodar er heilt tørrlagd.

Statkraft si vurdering av krav

Lakseførande strekk i Mosåna er på 380 meter. Med omsyn til habitat har elva lite til middels med skjul og er påverka av redusert vassføring både frå reguleringa av Mosvatnet og oppstraums utløpet frå mikrokraftverket. Anadrom strekning er og prega av redusert kantvegetasjon, forbygging/erosjonssikring og andre påverkingar og inngrep (Postler & Olsen Espedal 2020). Etter Statkraft si vurdering er det ut frå tilstand og påverkingfaktorar vanskeleg å seie om ei minstevassføring vil gi nytte av betydning. Dei vurderer at det for laksebestanden i Suldalslågen er andre tiltak som vil kunne ha større nytte til lågare kostnad enn slepp av vatn til Mosåna. Statkraft vil på grunnlag av dette rå til at det ikkje blir sett vilkår om minstevassføring.

Vurdering

Som Statkraft visar til er det nyleg gjennomført ei «Kartlegging av habitatforhold, fiskeundersøkelser og tiltaksanalyse for sidebekker i Suldal» (Postler & Olsen Espedal 2020). For Mosåna heiter det: «Tiltaket som bør stå høyst på prioriteringslisten i Mosåna er å sikre vannføring i bekken. For å bedre gyteforholdene kan man legge ut gytegrus, men dette har liten effekt om størsteparten av



HJELMELAND KOMMUNE

gytearealene delvis tørrlegges».

I undersøkinga er også Kvepsabekken ved Suldal hestesenter kartlagt . Denne renn ut i Mosåno og tørkar tidvis heilt inn. «Tiltaket som bør stå høyst på prioriteringslisten i Kvepsabekken er å sikre vannføring i bekken..... Ut ifra historiske flyfoto fra 1959 var Kvepsabekken opprinnelig et sideløp av Mosåna. Løsningen vil i så tilfelle innebære å innføre minstevannføring i Mosåna og evt. koble til Kvepsabekken om den er frakoblet ved innløpet» (Postler & Olsen Espedal 2020).

Dette viser at ei vassføring i Mosåno vil kunne løysa ut potensiale bekken har som oppvekstområde for laksefisk.

Bakgrunnen for kravet er omsynet til anadrom fisk. Med bakgrunn i dette meiner kommunedirektøren at kravet kan justerast. Det som er viktig er å få ei miljøtilpassa vassføring tilpassa laks og sjøaure. Ein bør derfor ha eit målepunkt for vassføringa i Mosrøysane heller enn ved Mosvatnet. I praksis betyr dette truleg eit langt mindre slepp frå Mosvatnet enn opphaveleg krav. For å finne ei optimal vassføring må ein hente inn meir kunnskap om dette.

Konklusjon

Det må innførast eit vilkår i konsesjonen om miljøtilpassa vassføring for laks og sjøaure i nedre del av Mosåna/Kvepsabekken.

Mosvatnet v/ Gullingen

Krav

Det er krav om formalisering av Statkraft sin manøvreringsintensjon i Mosvatnet. Statkraft driftar reguleringa med intensjon om ikkje å tappe ned magasinet før i veke 43. Dette for å unngå tørrlegging av grunnområder og estetiske og praktiske ulemper for brukarane av vatnet.

Statkraft si vurdering av krav

«Mosvatnet og områda rundt er mykje brukt til friluftsliv og rekreasjon. Etter avtale med Gullingen Leirskule har Statkraft intensjon om å halde fylling i Mosvatnet på minst 517,2 m.o.h fram til leirskulens haustaktivitetar er avslutta, normalt i slutten på oktober. Dette bidreg til at leirskulen kan tilby opplegg for elevane og oppretthalde sine aktivitetar på magasinet.....»



HJELMLAND KOMMUNE

«Vi tilrår at dagens vilkår for Mosvatnet ikkje blir endra og vi ønskjer å føre vidare manøvreringspraksisen på frivillig grunnlag. Som nemnt i kap. 8.1.2.7 vil eventuelt vilkår om slepp av minstevassføring til Mosåna kunne gjere det utfordrande å halde manøvreringsintensjonen i Mosvatnet. Om krava knytt til Mosåna og Mosvatnet begge blir aktuelle, meiner vi det bør prioriterast mellom dei, og vi vil sterkt råde i mot at dei blir sett i kombinasjon.»

Vurdering

Kommunedirektøren er samd i at dagens frivillige avtale med leirskulen fungerer bra. Det må her understrekast at avtalen kjem alle brukarar av området til gode, ikkje berre leirskulen. Det ligg om lag 500 hytter i Gullingenområdet og vatnet er av stor regional verdi for friluftslivet.

Avtalen er ikkje berre frivillig, den er etter kva kommunedirektøren erfarer også munnleg. Med nye personar i sentrale stillingar, nye retningslinjer og nye krav, meiner kommunedirektøren det er viktig å få formalisert avtalen. I den samanheng må avtalen også oppdaterast. Grunna endra klima har leirskulen utvida haustsesongen med ei veke, og nyttar vatnet i undervisinga til og med veke 44.

Når det gjeld minstevassføring frå Mosvatnet vil kommunedirektøren vise til justert krav for Mosåno.

Konklusjon

Avtalen mellom Gullingen leirskule og Statkraft med intensjon om å halde fylling i Mosvatnet på minst 517,2 m.o.h fram til leirskulens haustaktivitetar er avslutta, må formaliserast.

Storåna ved Mostølen

Krav

Minstevassføring og fungerande tersklar i Mostølområdet. Det må gjerast ei undersøking for å finne ut om ein bør sleppe vatn i ein eller fleire av bekkeinntaka. Dette med bakgrunn i landskap og opplevingsverdi, men og for å finne økologisk potensial, med påfølgjande biotopjusterande tiltak.

Statkraft si vurdering av krav (side 78)

«Statkraft meiner verknadane av reguleringa for private interesser er omhandla i skjønnsføretnadane ved utbygginga. Våre berekningar viser at eit slepp svarande til Q95 i eit normalår vil gje 6,5 GWh i netto produksjonstap....»

«Elveleiet ved Mostølen er prega av at vassføringa tidvis er stor. Elveleiet er bredt med grovt botnsubstrat. Av den grunn meiner Statkraft at slepp av vatn ikkje vil gje store visuelle betringar med mindre ein slepp store mengder, som gjev høge produksjonstap. Av omsyn til landskap er det vår vurdering at fysiske tiltak for å oppretthalde vass-speil er betre egna enn slepp av



HJELMELAND KOMMUNE

minstevassføring....».

«Vi meiner slepp av vatn ikkje vil gje ein tilleggsnytte som forsvarar kostnadane med tapt produksjon. Statkraft meiner gjennomførte tiltak i elva langt på veg tek i vare dei forholda som kravstillarane ynskjer retta og vi rår på grunnlag av desse forholda til at kravet om minstevassføring i Storåna blir avvist.»

Vurdering

Området er prega av kraftutbygginga med anleggsveg og turrlagde elvar nedstøms bekkeinntak. Gaukstølåno, Jonstølåno, og Kyrkjestenåno går saman og dannar Storåa. Ingen av elvane har minstevassføring. Landskapsbilde er dermed forringa, noko som gjer at ein viktig del av naturopplevinga fell bort i eit viktig friluftslivsområde.

Det er gjennomført tiltak med tersklar og erosjonssikring i Storåna. I revisjonsdokumentet blir det vist bilde frå dette der det er vatn i kulpene framføre tersklane (side 78). Bilde kunne og vore vist utan vatn. På grunn av tilhøva i elvebotnen forsvinn vatnet når det er lite tilsig. Kommunedirektøren vil poengtera at det ikkje er minstevassføring i seg sjølv som er kommunen sitt krav, men primært vatn som eit sentralt landskapselement/oppleving. Kommunen vil rå til, som kravet, å få gjennomført ei undersøking korleis dette kan gjerast på best mogleg måte. Dersom ein konkluderer med at det må sleppast vatn frå ein eller fleire av bekkeinntaka, vil det truleg berre vere naudsynt i den del av barmarksesongen då det ikkje er eit naturleg resttilsig.

Konklusjon

Det må gjennomførast ei undersøking som ser på korleis ein kan betre landskapsbilde knytt til dei regulerte elvane i Mostølområdet. Dersom det blir føreslått ei landskapstilpassa vassføring må dette følgast opp i reviderte konsesjonsvilkår.

Bekkjarøybekken og Mosvatnet v/ Mostølen

Krav

Vassgjennomstrømminga i Mosvatnet er blitt redusert og det er blitt peika på auka tilgroing i vatnet. Vasskvalitet i Mosvatnet bør undersøkast med påfølgande iverksetting av tiltak dersom kvalitet ikkje er god.

Statkraft si vurdering

«I kva grad Mosvatnet faktisk er påverka kan dokumenterast ved undersøkingar. Dette meiner vi



HJELMLAND KOMMUNE

eventuelt bør vurderast etter standardvilkår. Skulle konkrete undersøkingar vise at reguleringa verkar vesentleg inn på eigenskapar og miljøforhold i vassførekomsten, meiner Statkraft ein etter vassforskrifta bør karakterisere vatnet som sterkt modifisert og setje miljømål ut i frå det.»

Vurdering

Statkraft viser til at det berre er eit delfelt i Bekkjarøybekken som blir fråført og at att om lag 80% av sitt naturlege felt framleis renn til Mosvatnet. Påverknaden frå vasskraft er dermed relativt liten. Suldal kommune har i seinare år fått gjennomført undersøkingar i andre vatn i same høgdeområde og med større påverknadar (landbruk/avløp). Desse har likevel kome ut i god tilstand etter vassforskrifta sine kvalitetselement. Med bakgrunn i dette er det svært lite sannsynleg at resultatata ville vore annleis for Mosvatnet.

Konklusjon

Kommunedirektøren støtter Statkraft i si vurdering.

Bekkar i Strandaliane – Eivindsåna, Steinsvikbekken og Dørlevassbekken

Krav

Det er fremja krav om at det må vurderast å innføre minstevassføring frå bekkeinntak i Strandaliane. I kravbrevet ber kravstillarane om at det blir gjennomført utgreiingar for å kartleggje naturmangfald i og ved elvestrengane med fokus på bekkekløft og eventuelle/potensielle fossesprutsoner. Utgreiingane meiner de skal nyttast for å vurdere det økologiske potensialet ved minstevassføring.

Statkraft si vurdering av kravet

«Statkraft konstaterer at Strandaliane var påverka av reguleringa i lang tid før områda blei verna som naturreservat. Etter vår forståing trugar ikkje reguleringa naturverdiane eller føremålet med vernet. I rapport med registrering av bekkekløfter i Suldal er det vist til at fråført vatn i Eivindsåna er uheldig for det biologiske mangfaldet i bekkekløftlokaliteten Hestehia NV. Rapporten konkluderer med at lokaliteten likevel har god arrondering, at bekkekløfta er økologisk velfungerande og lokaliteten verdsetes som nasjonalt verdifull (A i naturtypesamanheng). Statkraft meiner slepp av vatn i bekkane i Strandaliane ikkje vil gje ei miljønytte med omsyn til vegetasjon og biologisk mangfald som forvarar ulempene knytt til kraftproduksjon. Fordi områda er vanskeleg tilgjengelege vurderer vi andre nytteverkingar, som t.d. for landskap og friluftsliv som små, sjølv ved relativt store slepp. Fisk meiner vi ikkje er relevant nedstraums inntaka i desse bratte bekkane.»

Vurdering



HJELMLAND KOMMUNE

Statkraft meiner slepp av vatn i bekkane i Strandalane ikkje vil gje ei miljønytte med omsyn til vegetasjon og biologisk mangfald som forvarar ulempene knytt til kraftproduksjon. Problemstillinga her er at me ikkje veit kva naturverdiar bekkestrengane potensielt innehar.

Suldal kommune er kjent med at firmaet Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter på oppdrag frå Miljødirektoratet har gjennomført ei generell kartlegging etter standard metodikk (Natur i Norge) i Strandalane naturreservat i oktober 2021. Det er mogleg kommande rapport kan seie noko meir om verdiane til artsmangfaldet langs bekkestrengane i dag, men den vil ikkje seie noko om kva som har vore og dermed heller ikkje noko om potensialet.

Fråføringa av vatn har endra dei økologiske forholda langs bekkestrengane. Deler av desse er i dag naturreservat. Ein bør derfor gjere ei spesifikk undersøking/vurdering på kva kraftutbygginga har betydd for artsmangfaldet og kva ein kan oppnå ved ei eventuell miljøtilpassa vassføring. NVE bør derfor pålegge Statkraft å få gjennomført ei slik undersøking/vurdering som grunnlag for vidare oppfølging av kravet.

Konklusjon

NVE bør pålegge Statkraft å få gjennomført ei spesifikk undersøking/vurdering på kva kraftutbygginga har betydd for artsmangfaldet og kva ein kan oppnå ved ei eventuell miljøtilpassa vassføring. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for vidare oppfølging av kravet.

Andre krav – friluftsliv og ferdsel

Kommunane har i sitt revisjonskrav argumentert for andre tiltak. Dette er blant anna tiltak som kan gjennomførast etter dagens vilkår, etter innføring av standard naturforvaltningsvilkår eller som oppfølging i konsesjonærens ordinære drift.

Dette gjeld mellom anna:

- Ny sti forbi Skorpevadhølen
 - Prøvefiske og vurdering av tiltak for kultivering av fisk i magasin
 - Kartlegge utbreiing av bekkerøye
 - Oppfølging av avslutta tippar og overvaking av moglege forureiningar
 - Utbetre veg/betre tilkomst til Øykjalja ved utløpsosen i Vassbotnvatnet
 - Tetting av overføringstunnel mellom Oddatjørn (Blåsjø) og Saurdal
-
- Tur og skiløye rundt Mosvatnet og gapahuk ved skileikområdet i Breiastølsdalen



**HJELMELAND
KOMMUNE**

- Båttutsett og straumproblematikk Hylen
- Utsett for båt og båtferdsel i Blåsjø
- Tryggare ferdselsveg på austsida av Gaukstølåno

Rådmannen tilrår at kommunen tek Statkraft sine synspunkt på desse punkta til etterretning. Samstundes er fleire av tiltaka rimeleg enkle og burde primært vore utført som frivillige tiltak, sekundært som pålegg frå myndighetene. NVE må vurdera tiltaka om dei høyrer til ein vilkårsrevisjon.